

Møteinkalling

Utval:	Hordaland fagskulestyre
Møtestad:	Austevoll, Bergen maritime fagskole, avd. Austevoll
Dato:	27.01.2015
Tid:	

Program:

- 08.45: Fellestransport m/minibuss frå Bergen Bystasjon, perrong M (perrongen nærmast Amalie Skram vgs)
- 09.35 Ferje frå Krokeide til Hufthamar
- 10.30 -12.00 Styremøte
- 12.00-12.30 Info om ny simulator samt visning av denne
- 12.30-13.00 Info om Blått kompetancesenter i Austevoll
- 13.00 -13.45 Lunsj m/simulatorkake
- 14.15 Ferje frå Hufthamar til Krokeide og retur Bergen bystasjon

Innkallinga gjeld valde medlemer i Hordaland fagskulestyre, samt ein representant frå kvart fagskuleråd. Kopi vert sendt varamedlemene og rektorane ved fagskulane til orientering. Ved eventuelle forfall fra faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Rektorane ved fagskulane kan møta på møta i Hordaland fagskulestyre. Rektorane må også melde forfall dersom dei ikkje møter.

Roald Stenseide
styreleiar

Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 1/15	Godkjenning av møteinnkalling og saksliste		
PS 2/15	Godkjenning møtebok forrige møte		
PS 3/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 1/15	Læringsutbyttebeskrivingar og studieplanar	2014/2	
PS 4/15	Endringar i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland	2014/2	
PS 5/15	Kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland 2014	2014/2	
PS 6/15	Endringar i kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland	2014/2	
PS 7/15	Nye retningsliner for avsetjing til frie fond for Fagskolane i Hordaland	2014/2	
PS 8/15	Høyring - Forslag til endring i forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning	2014/2	
PS 9/15	Endring av styrevedtekter for Fagskolane i Hordaland	2014/2	
PS 10/15	Ymse		

PS 1/15 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste

PS 2/15 Godkjenning møtebok forrige møte



Notat

Dato: 07.01.2015
Arkivsak: 2014/2-67
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Læringsutbyttebeskrivingar og studieplanar

Nasjonal fagskulekoordinator Bård Inge Thun orienterer i e-post til fagskuleleiarane at etter 31. desember 2014 vil det som kjent vere eit krav frå NOKUT at skulane sine studieplanar skal innehalde læringsutbyttebeskrivingar (LUB). Det har vore eit ønske frå sektoren at LUB skal verte innarbeidd i dei nasjonale planane for å lette arbeidet med studieplanane ved den einskilde skule. Det er difor i haust blitt kjørt eit systematisk opplegg der alle nasjonale planar har vore handsama av plangrupper for å utvikle LUB. Dette har vist seg å vere eit krevjande og omfattande arbeid, der NOKUT har bidrige i starten. Likevel har det vist seg at arbeidet ikkje vil verte fullført før nyttår. NOKUT vil difor søkje Kunnskapsdepartementet om utsett frist for innføring av LUB i studieplanar for nasjonale planar. Det er nå utarbeidd ein framdriftsplan for det vidare LUB-arbeidet som NOKUT vil leggje til grunn for sin utsetjingssøknad til departementet.

Framdriftsplanen er som følgjer:

19. desember 2014	<ul style="list-style-type: none">Skulane vert informert om denne tidsplanen og orienterer sine styre så snart som mogleg.
12. januar 2015	<ul style="list-style-type: none">Siste frist for plangruppene for å levere justerte overordna læringsutbyttebeskrivingar (O-LUB) til koordinator.Koordinator sender fortløpande desse til dei tre gruppene som skal føreta sluttføring («LUBsk-gruppene»).
19. januar	<ul style="list-style-type: none">Alle overordna læringsutbyttebeskrivingar er handsama av aktuell «LUBsk-gruppe»Landbaserte tekniske O-LUB sendast på 10-dagars høyring til dei respektive bransjar.
23. januar	<ul style="list-style-type: none">Siste frist for plangruppene for å levere læringsutbyttebeskrivingar på emnenivå (E-LUB) til koordinator, som sender desse fortløpande til «LUBsk-gruppene».
15. februar	<ul style="list-style-type: none">Alle E-LUB er handsama av «LUBsk-gruppene».

20. februar	<ul style="list-style-type: none">Alle nasjonale planar skal vere publisert med O-LUB og E-LUB på www.fagskolen.infoSkulane gjer sine styre kjent med dei nasjonale planane som skal gje grunnlag for studieplanarbeidet.
15. mai	<ul style="list-style-type: none">Alle skulane skal ha innarbeidd O-LUB og E-LUB i sine studieplanar.

Det er viktig å merke seg at framdriftsplanen berre gjeld studieplanar basert på nasjonale planar. Når det gjeld studieplanar for andre tilbod gjeld fristen 31. desember 2014.



Arkivnr: 2014/2-69

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	4/15	27.01.2015

Endringar i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Hordaland helsefagskole har etter godkjenning av styret søkt NOKUT om vesentleg endring av allereie godkjent tilbod innan spesialreinhald og sterilforsyning innan fristen 15. september 2014. Det er kome mellombels svar frå NOKUT med krav om endringar i høve til dei grunnleggjande føresetnadene for å tilby fagskuleutdanning i kvalitetssikringssystemet, studentreglementet og styrevedtekten. I denne saka er det føreslått endringar i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland for å imøtekome dei grunnleggjande føresetnadene for å kunne tilby fagskuleutdanning.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek endringar i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland som det kjem fram av saka.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Studentreglement for Fagskolane i Hordaland

Fylkesrådmannen, 08.01.2015

Hordaland helsefagskole har etter godkjenning av styret søkt NOKUT om vesentleg endring av allereie godkjent tilbod innan spesialreinhald og sterilforsyning innan fristen 15. september 2014. Det er kome mellombels svar frå NOKUT med krav om endringar i høve til dei grunnleggjande føresetnadene for å tilby fagskuleutdanning i kvalitetssikringssystemet, studentreglementet og styrevedtekten. I denne saka er det føreslått endringar i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland for å imøtekome dei grunnleggjande føresetnadene for å kunne tilby fagskuleutdanning.

Tilhøva NOKUT meiner er mangelfulle eller uklare i kvalitetssikringssystemet er:

1. Vedtak og klagehandsaming
 - a. Kven fattar vedtak om opptak, kven handsamar klage på avslag om opptak og korleis vert klagen handsama.
 - b. Kven fattar vedtak om annulling av eksamen på grunn av fusk
 - c. Gjere det tydeleg i reglementet at disciplinære sanksjonar skal verte grunngjevne når vedtak vert fatta; at studentane har rett til å forklare seg før vedtaket vert fatta, og kva rett dei har til hjelpe og støtte under ei klagesak.
 - d. Omtale av avgjersler om opptak, fritak og innpassering, eksamen under særlege vilkår og disciplinære sanksjonar må stå under kapittelet om klagehandsaming i reglementet.
 - e. Gjere kapittelet om klagehandsaming tydelegare i høve til korleis klager skal verte fremma, korleis klager vert handsama, tidsfristar for klager, og kven som er klageinstans.
 - f. Det må kome fram at studentrepresentanten i klageinstansen har personleg vara.
2. Innpassering og fritak
 - a. Meir informasjon om kva innpassering og fritak er, korleis klage på vedtak, og kven som er klageinstans.
3. Realkompetansevurdering
 - a. Kva krav stiller skulen av godkjente fag til kompetansebeviset dersom Hordaland fagskulestyre framleis ønsker at søkerar skal realkompetansevurderast av vaksenopplæringssentra.

NOKUT meiner også at følgjande tilhøve bør forbetraast:

1. Det bør verte stadfesta i reglementet at vitnemålet skal dokumentere overordna læringsutbytte, praksis, NKR-nivå og kvalifikasjonen som ein får, karaktersystem som vert nytta og talet på fagskulepoeng.
2. Ha ei fast klagenemnd og ikkje opprette ei nemnd når det kjem ei klage.

Under punkt 2 over av kva NOKUT meiner ein bør endra, er medlemmene i klagenemnda faste av di det er rektorane som er medlem saman med studentrepresentant i fagskulestyret med vara.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har utarbeidd forslag til forbetringar i studentreglementet på bakgrunn av NOKUT sine tilbakemeldingar, i tillegg er skrivefeil og grammatikk korrigert. Kva som er endra i høve til skrivefeil og korrigering i grammatikk, vert ikkje vist i denne saka, medan forslaga til forbetringar vert vist i det følgjande.

1. Vedtak og klagehandsaming

Opphavleg tekst:

§ 1. Klage på inntaket

Inntak til fagskolen er enkeltvedtak etter Forvaltningslova § 2b og kan pålagast etter denne lova (§ 28 og § 29).

Eventuell klage skal sendast Nasjonalt opptakskontor for fagskolene.

Ny tekst:**§ 1. Vedtak og klage på opptak**

Opptak til fagskulen er eit enkeltvedtak etter Forvalningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§ 28 og § 29). Det er den einiske fagskule det vert søkt til som fattar vedtak om opptak, og eventuell klage vert handsama av klagenemnda for Hordaland fagskulestyre.

Eventuell klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. For meir informasjon om klagehandsaming sjå punkt *G Klage og klagehandsaming*.

Opphavleg tekst:**§ 19. Fusk og forsøk på fusk**

Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve, eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglemenet eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøvar med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til fagskulen sin administrasjon for vidare handsaming. Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ynskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjelpt andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøven annullert. Annulering av eksamen eller prøve grunna fusk, eller forsøk på fusk, er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage.

Ny tekst:**§ 19. Fusk og forsøk på fusk**

Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve, eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglemenet eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøvar med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til fagskulen sin administrasjon for vidare handsaming.

Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ynskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjelpt andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøven annullert.

Det er rektor som fattar vedtak om annulering på grunn av fusk eller forsøk på fusk. Annulering av eksamen eller prøve grunna fusk eller forsøk på fusk er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage og kva rettar studenten har ved disciplinære sanksjonar.

Siste avsnitt § 20. *Annulering av eksamen* er endra som følgjer:

Opphavleg tekst:

Annulering av eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage.

Ny tekst:

Annulering av eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage og kva rettar studenten har ved disciplinære sanksjonar.

§ 21. Klageinstans og § 25. Klage over formelle feil ved eksamen er slått saman til ein ny paragraf.

Opphavleg tekst:

§ 21. Klageinstans

Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller gjeve ny vurdering. Ved klage på formelle feil ved eksamen eller sanksjonar vert det oppretta ei klagenemnd av Hordaland fagskolestyre. Klagenemnda består av minimum to personar frå fagmiljøa ved fagskulane og éin student. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til Forvaltningslova.

Klagen skal vere sendt/levert til fagskolen seinast 3 veker etter at vedtaket er gjort kjent for studenten, eller denne har hatt rimeleg høve til å gjøre seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klagen seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klagen skal vere skriftleg og sendast til fagskolen sitt post-mottak (e-post eller brev).

§ 25. Klage over formelle feil ved eksamen

Rektor ved fagskolen er underinstans for klagehandsaming under denne paragraf. Dersom rektor ikkje gjev medhald, skal klagen handsamast av Hordaland fagskolestyre si klagenemnd. Hordaland fagskolestyre si klagenemnd skal handsama klager etter vedtekten i forvaltningslova så langt dei passar. Døme på formelle feil kan vere feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur.

Klage over formelle feil ved eksamen må varslast innan 3 veker etter at studenten er eller burde vore kjent med det forhold som gir grunnlag for klagen.

Finn klagenemnda at det er gjort formelle feil, og det er rimeleg å tru at dette kan ha vore viktig for ein eller fleire studentar sin prestasjon eller vurdering av denne, skal det gjennomførast ny sensur, eller haldast ny eksamen så snart som mogleg.

Den skriftlege klagen skal innehalde:

- kven som klagar (namn, adresse og studentnummer)
- vedtak det blir klaga over
- kva klagen gjeld og grunngjeving for denne
- dato og underskrift(er)

Ved alvorlege forhold, som til dømes vedtak om fusk, erstatningsansvar, bortvisning eller tap av rettar, har studenten høve til å forklare seg, og kan møte for klagenemnda og leggje fram si sak.

Klagenemnda kan oppheve/endre vedtak som er fatta av rektor. Studenten har rett til å ha med seg studentrepresentant om ein skal møte for klagenemnda.

Ny tekst for § 21 og § 25:

§ 21. Klageinstans, framgangsmåte og fristar

Klageinstans

Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les meir om grunngjeving for karakter, klage på mappeevaluering/emnevurdering og eksamen under § 23 – 25.

Ved alle andre tilhøve er det Hordaland fagskulestyre som er ansvarleg for klagehandsaming. Hordaland fagskulestyre har oppretta ei særskilt klagenemnd som handsamar klager på vegner av styret. Klagenemnda består av minimum to personar frå fagmiljøa ved fagskulane og éin student med personleg vara. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til Forvaltningslova.

Følgjande tilhøve vert handsama av fagskulestyret si klagenemnd:

- formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)

- eksamen under særskilte vilkår
- disciplinære sanksjonar
- opptak
- fritak eller innpassering av emne

Framgangsmåte og fristar

Alle klager skal sendast til fagskulen ved rektor som anten sender klagen til handsaming for ny sensur eller til handsaming i fagskulestyret si klagenemnd.

Studenten må sende klagen seinast 3 veker etter at vedtaket er gjort kjent for studenten, eller denne har hatt rimeleg høve til å gjøre seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klagen seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klagen skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt post-mottak (e-post eller brev).

Klage over formelle feil ved eksamen må varslast innan 3 veker etter at studenten er eller burde vore kjent med det forhold som gir grunnlag for klagen.

Finn klagenemnda at det er gjort formelle feil, og det er rimeleg å tru at dette kan ha vore viktig for ein eller fleire studentar sin prestasjon eller vurdering av denne, skal det gjennomførast ny sensur, eller haldast ny eksamen så snart som mogleg.

Den skriftlege klagen skal innehalde:

- kven som klagar (namn, adresse og studentnummer)
- vedtak det vert klagा over
- kva klagen gjeld og grunngjeving for denne
- dato og underskrift/er

§ 22. Disiplinære sanksjonar er ei ny paragraf som er delvis henta fra opphavleg tekst i § 25. *Klage over formelle feil ved eksamen.*

Ny paragraf:

§ 22. Disiplinære sanksjonar

Ved alvorlege tilhøve, som til dømes vedtak om fusk, erstatningsansvar, bortvisning eller tap av rettar, skal studenten ha høve til å forklare seg for rektor før det vert fatta vedtak. Studenten skal ha grunngjeving når det er fatta eit vedtak. Studenten har vidare rett til å møte for klagenemnd og leggje fram si sak. Klagenemnd kan oppheve/endre vedtak som er fatta av rektor. Studenten har rett til å ha med seg studentrepresentant om han/ho skal møte for klagenemnd.

2. Innpassering og fritak

Opphavleg tekst:

§ 17. Fritak frå emne og innpassering av likeverdig kompetanse

Dersom studenten kan dokumentera å ha bestått likeverdig eller tilsvarende emne ved same eller ein annan institusjon, kan studenten søkje om innpassering og fritak.

Rektor tek avgjerd om fritak og innpassering av emne. Søknad må innehalde dokumentasjon på bestått emne med vitnemål eller kompetansebevis, og dessutan ei oversikt over kva fag som inngår i emne og ein omtale av desse.

Fritak vert gjeve dersom emnet er likeverdig i innhald med det emnet som det vert søkt om fritak for.

Ved avslag på søknad om fritak og innpassering av emne har studenten klagerett. Sjå punkt G. Klage og klagehandsaming for korleis gå fram ved klage.

Om ein student får fritak i eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til.

Ny tekst:

§ 17. Fritak frå emne og innpassering av likeverdig kompetanse

Fritak:

Dersom studenten kan dokumentera å ha bestått anna type utdanning eller har fått realkompetanse for delar av ei fagskuleutdanning, kan studenten søkje om fritak frå eitt eller fleire emne.

Rektor tek avgjerd om fritak av emne. Søknad må innehalde dokumentasjon (vitnemål eller kompetansebevis) på utdanninga eller realkompetansevurderinga studenten søker om fritak for.

Innpassering:

Dersom studenten kan dokumentera å ha bestått likeverdig eller tilsvarende emne ved same eller ein annan institusjon, kan studenten søkje om innpassering av delar av tidlegare utdanning.

Læringsutbyttebeskrivingane eller studieplan vert nytta for å vurdera om studenten har rett på innpassering av eit emne.

Vurdering av innpassering og fritak:

Rektor tek avgjerd om innpassering av emne. Vurderinga om innpassering eller fritak vert gjort på bakgrunn av læringsutbytet for den aktuelle utdanninga eller det aktuelle emnet, omfanget (t.d. fagskulepoeng), nivå og arbeidsbelastning. Ei utdanning som ikkje har læringsutbyttebeskrivingar vert vurdert ut i frå utdanninga sin studieplan.

Søknad må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i emnet som studenten ønskjer å søkje fritak eller innpassering for. Nærare bestemt:

- Vitnemål eller kompetansebevis
- Oversikt over kva deler som inngår i emnet
- Oversikt over læringsutbyttebeskrivinga for emnet, eller studieplan

Søknadsfrist er to veker etter skulestart.

Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til. Ved innpassering av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål.

Ved avslag på søknad om fritak eller innpassering av emne har studenten klagerett. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

3. Realkompetansevurdering

Under opptakskrav i studentreglementet står det at realkompetansevurdering vert gjort ved eitt av vaksenopplæringssentra ved Hordaland fylkeskommune. Det er anbefalt at fagskulane gjer realkompetansevurderinga sjølv av di realkompetansevurdering gjeld for den aktuelle utdanninga søkeren vert vurdert til og ikkje ei innpassering i det vidaregåande skulen.

Opphavleg tekst:

Realkompetansevurdering

Vurdering av realkompetanse vert gjort ved eitt av vaksenopplæringssentra ved Hordaland fylkeskommune.

Her vert søkeren sin kompetanse vurdert opp mot læreplanmål i vidaregående opplæring innan det relevante programområdet

For meir informasjon om realkompetansevurdering sjå: www.hordaland.no.

Ny tekst:**Realkompetansevurdering**

Den enkelte fagskule har ansvar for å gjennomføre realkompetansevurderinga, i tråd med NOKUT-forskrifta §5 og rettleiar frå [VOX](#). Søkjaren sin kompetanse vert vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan relevante programområde. Oppnak gjort på bakgrunn av realkompetanse vil berre gjelde for den utdanninga det vert realkompetansevurdert til.

Oppnak av studentar til Fagskolane i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gjev felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengutrekning for søkerar i heile landet. Oppnak av studentar skjer berre på grunnlag av poengutrekning og rangering (realkompetanse vert rekna om til poeng). Dette gjev høve til å sjå både tal og poengnivå på søkerar ved opptak til kvar fagskuleutdanning.

Følgjande endring vert føreslått med bakgrunn i NOKUT sine punkt som tilbydar bør endre:

Opphavleg tekst:

§ 14. Dokumentasjon

Studentar som fullfører og består ei utdanning skal få skrive ut vitnemål.

Vitnemålet skal innehalde dei emna/funksjonar som inngår i utdanninga.

Omfang av emna/funksjonane og oppnådd karakter skal førast på vitnemålet.

Emna/funksjonane med tilhøyrande fag vert omtala på vitnemålet.

På vitnemål for teknisk fagskule skal fagretning, fordjuping og tittel på hovudprosjektet gå fram.

For deltidsstudentar vert det skrive ut kompetansebevis etter kvart fullførte emne, der mål og innhald vert omtala i samsvar med fag- eller studieplan.

Om ein student berre har fullført delar av ei utdanning, vert det skrive ut eit kompetansebevis for dei emna/funksjonane studenten har fullført.

Ny tekst:**§ 14. Dokumentasjon**

Studentar som fullfører og består ei utdanning vil få utdelt vitnemål.

Vitnemålet skal innehalde:

- Emna som inngår i utdanninga.
- Omfang av emna og oppnådd karakter skal førast på vitnemålet.
- Overordna læringsutbytte.
- Omtale av eventuell praksis.
- Nivå i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og kvalifikasjonen som vert oppnådd.
- Karaktersystemet som vert nytta og talet på fagskulepoeng.

På vitnemål for teknisk fagskule skal fagretning, fordjuping og tittel på hovudprosjektet gå fram.

For deltidsstudentar vert det skrive ut kompetansebevis etter kvart fullført emne, der mål og innhald vert omtala i samsvar med fag- eller studieplan.

Om ein student berre har fullført delar av ei utdanning vert det skrive ut eit kompetansebevis for dei emna studenten har fullført.

I tillegg ønskjer administrasjonen ved Opplæringsavdelinga å gjere ei presisering i paragraf § 10. *Tap av rettar/bortvisning*, tredje avsnitt.

Opphavleg tekst:

§ 10. Tap av rettar/bortvisning

Ein student som grovt klanderverdig har handla på ein slik måte at det er skapt fare for liv eller helse for andre studentar og tilsette, eller andre som studenten har å gjere med som del av opplæringa, eller som gjer seg skuldig i grove brot på teieplikta, eller i grovt usømmeleg oppførsel, kan etter vedtak av rektor miste retten til å fullføre studiet i inntil to år. Studenten skal ha høve til å forklara seg før eit kvart vedtakspunkt.

Ny tekst:

§ 10. Tap av rettar/bortvisning/utvisning

Ein student som grovt klanderverdig har handla på ein slik måte at det er skapt fare for liv eller helse for andre studentar, tilsette eller andre som studenten har å gjere med som del av opplæringa, eller som gjer seg skuldig i grove brot på teieplikta, eller i grovt usømmeleg oppførsel, kan etter vedtak av rektor verte utvist frå skulen. Med utvisning meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet i inntil to år. Studenten skal ha høve til å forklara seg før kvart vedtakspunkt.

Studentreglement

A. Verdigrunnlag	2
B. Innleiing	2
C. Opptakskrav	2
D. Spesielle tilhøve	4
E. Vurdering	5
F. Eksamensordning og eksamensreglement	6
G. Klage og klagehandsaming	10
H. Bruk av Internett	12
I. Andre føresegnere	12

A. Verdigrunnlag

Fagskolane i Hordaland byggjer sin aktivitet på følgjande verdiar:

Ved fagskulane

- vert studentane handsama med respekt
- har alle studentar ansvar for medverknad til læringsprosessen
- har vi eit læringsmiljø som skapar samhald og best mogleg tryggleik for studentane gjennom eigen aktivisering i ein variert læringsprosess
- vert studentar motivert til å ta ansvar for eiga læring
- får studentar utvikla sine kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse gjennom teoretisk og praktisk arbeid
- arbeidar studentar med oppgåver i eit miljø der lærarar legg til rette og rettleiar i prosessen

B. Innleiing

Personar som er tekne opp som studentar ved Fagskolane i Hordaland, pliktar å følgje retningslinene som er nedfelt i dette dokumentet. Studenten har generelle rettar og pliktar, og dette kan samanfattast som følgjer:

Rettar

Studenten har rett til opplæring, rettleiing og hjelp som samsvarar med dei reglar som til ei kvar tid gjeld for fagskulen.

Studenten skal haldast orientert om meldingar og vedtekter etc. som leiinga ved fagskulen gir. Studentrådet har rett til å uttale seg på vegner av studentane i alle saker som gjeld reglement og liknande for studentane som gruppe.

Plikter

Studenten må rette seg etter dei vedtekter, reglement og instruksar som er fastsett ved fagskulen. Studentar som er tatt opp ved utdanningstilbod som krev eigenbetaling må halde betalingsfristar. Studenten må skaffe seg det undervisningsmateriell og lærebøker som opplæringa krev, og som fagskulen ikkje held.

Studenten må møte presis til opplæringa og delta aktivt i all opplæring i den form den blir gitt, i eller utanfor skulene sine lokale.

Studenten må gjennomføra den årlege studentundersøkinga som er ein del av fagskulane sitt kvalitetssikringssystem.

C. Opptakskrav

Opptakskrav til to-årig teknisk fagskule, maritim fagskule, grøne og marine fag

- a) fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/sveinebrev/vitnemål frå relevant yrkesutdanning frå vidaregåande skule,
- b) eller minst 5 års relevant praksis utan fagbrev, med realkompetansevurdering i læreplanmåla som tilsvrarar Vg1 og Vg2 i yrkesfagleg utdanningsprogram
- c) søkerar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan verte tildelt plass på vilkår om greidd prøve.

Den einskilde fagskule har informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning/praksis som gjev grunnlag for opptak. Sjå den einskilde fagskule sine heimesider for meir informasjon.

Spesielle opptakskrav

Petroleumsteknologi

Søkjarar til Petroleumsteknologi som fyller krava over, men som ikkje har fullført Vg2 Brønn teknikk, må ha avgjort tverrfagleg offentleg privatisteksamen i Vg2 Brønn teknikk (024 OLF/NR - Retningslinjer for opplæring av bore- og brønnpersonell).

Dekkoffiser og maskinoffiser

Det generelle grunnlaget for opptak til dekkoffiser er:

- a) fullført og bestått vidaregåande opplæring med fagbrev / sveinebrev som matros eller fiske og fangst.
eller
- b) realkompetanse

Det generelle grunnlaget for opptak til maskinoffiser er:

- a) fullført og bestått vidaregåande opplæring med fagbrev / sveinebrev som motormann.
eller
- b) realkompetanse

Opptakskrav til helse- og omsorgsfag

- a) fullført og greidd vidaregåande opplæring med fagbrev/vitnemål fra relevant yrkesutdanning frå vidaregåande skule,
- b) eller minst 5 års relevant praksis utan fagbrev, med realkompetansevurdering i læreplanmåla som tilsvrar Vg1 og Vg2 i yrkesfagleg utdanningsprogram
- c) søkerar som kan dokumentere at dei skal gjennomføre fagprøve etter opptaksfristen, kan verte tildelt plass på vilkår om greidd prøve.

Den einskilde fagskule har informasjon om kva som er relevant yrkesutdanning/praksis som gir grunnlag for opptak. Sjå den einskilde fagskule sine heimesider for meir informasjon.

Realkompetansevurdering

Den enkelte fagskule har ansvar for å gjennomføre realkompetansevurderinga, i tråd med NOKUT-forskifta §5 og rettleiar frå [VOX](#). Søkjaren sin kompetanse vert vurdert opp mot læreplanmål i vidaregåande opplæring innan relevante programområde. Opptak gjort på bakgrunn av realkompetanse vil berre gjelde for den utdanninga det vert realkompetansevurdert til.

Opptak av studentar til Fagskolane i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gjev felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengutrekning for søkerar i heile landet. Opptak av studentar skjer berre på grunnlag av poengutrekning og rangering (realkompetanse vert rekna om til poeng). Dette gjev høve til å sjå både tal og poengnivå på søkerar ved opptak til kvar fagskuleutdanning.

Poengutrekning og rangering ved opptak

- Det generelle grunnlag for opptak a eller b 100 poeng
- Det vert gjeve gjennomsnittleg karakterpoeng i alle fag på VG2 og relevant tverrfagleg eksamen
- Praksis utover det generelle grunnlag for opptak, 1 poeng pr månad
- Fartstid (tid ombord), 1 poeng pr månad
- Fagprøve med "greidd mykje godt", 25 poeng
- Fagprøve i anna fag utover det generelle opptakskravet, inklusive praksistid, 50 poeng.

Ved lik poengsum vert det kjønn kvotert som er underrepresentert i det yrket/profesjon opplæringa skal føre fram til.

Innan petroleum vert det gjeve karakterpoeng i fellesfag VG2.

Søkjarar med utanlandsk utdanning

Søkjarar med fullført vidaregåande opplæring frå dei andre nordiske landa er kvalifisert for opptak når den vidaregåande opplæringa i dei respektive landa gjev generelt opptaksgrunnlag til tertiærutdanning tilsvarende norsk toårig teknisk fagskule.

Søkjarar utanfor Norden må dokumentera opplæring og praksis ved autorisert translatør og ha bestått eller ha likeverdig realkompetanse i dei felles allmenne faga tilsvarende VG1 og VG2 i yrkesfaglege studieretningar. Søkjarane må i tillegg dokumentera norsk kunnskapar jamfør nivå 3 i Bergenstesten.

§ 1. Vedtak og klage på opptak

Opptak til fagskulen er eit enkeltvedtak etter Forvaltningslova § 2b og kan klagast på etter denne lova (§ 28 og § 29). Det er den einskilde fagskule det vert søkt til som fattar vedtak om opptak, og eventuell klage vert handsama av klagenemnda for Hordaland fagskulestyre.

Eventuell klage skal sendast til den fagskulen som har fatta vedtak. For meir informasjon om klagehandsaming sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming*.

D. Spesielle tilhøve

§ 2. Kontrakt

Studenten skal skrive kontrakt med tilbydaren ved skulestart som spesifiserer ulike krav til den einskilde utdanning, til dømes § 3. *Frammøte* og § 4. *Verneregler* m.m.

§ 3. Frammøte

Deltaking i undervisninga ved fagskulane er obligatorisk og inngår som ein del av arbeidskrava for å kunne stille seg til eksamen. Det er krav om 80 % frammøte.

For studentar som arbeider offshore skal det utarbeidast ein offshoreavtale mellom tilbydar og studenten som arbeidsgjevar må stadfeste. I avtalen skal det gå fram at studenten må ha heimetid tilsvarende fire veker heime og to veker offshore (turnus 4-2).

Studentar som ikkje møter til undervisninga må skrive eigenmelding.

Om studenten har mindre enn 80 % frammøte tek rektor avgjerd om studenten tapar sin rett til å fullføre utdanninga. Tap av rett til å fullføre utdanninga er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt H. *Klagehandsaming* for meir informasjon om korleis gå fram ved klage.

Ein student som tapar sin rett til å fullføra utdanninga grunna mindre enn 80 % frammøte, kan søkje ny studieplass ved neste søkjartidspunkt og starta utdanninga på nytt om studenten vert teken opp til studiet.

§ 4. Verneregler

Studenten må følgje dei verneregla og nytta det verneutstyret som vert kravd i faget det gjeld eller som fagskulen tilbyr. Studenten må også skaffe seg det verneutstyret som er nødvendig og som fagskulen ikkje held. Studenten skal bli gjort kjent med eventuelle ekstrautgifter i kontrakten mellom skulen og den einskilde student.

§ 5. Rusmidlar

Studenten skal ikkje vere påverka av alkohol eller andre rusmidlar på fagskulen sitt område, eller ved arrangement utanfor fagskulen når desse er under fagskulen sin leiing eller ansvar.

§ 6. Røyking og snus

Røyking og snus er forbode i skulen sine bygg, og på skulen sitt område.

§ 7. Skade på bygningar og eigendelar

Eventuelle skadar på bygningar, inventar og utstyr, eller på fagskulen sin eigedom, må meldast til fagskulen sitt personale av den som er ansvarleg for skaden, eller dei som observerer den.

Ein student som har påført ein skade grunna uvorden oppreten eller uaktsam handsaming av inventar og utstyr m.m., kan verte erstatningsansvarleg etter takst. Vedtak om erstatningsansvar er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *H. Klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage.

§ 8. Politisk- og organisasjonsmessig arbeid på fagskulen

Studentane sitt øvste organ er studentrådet. Fagskulen legg til rette for eit studentråd valt av studentane sjølve som skal vere samansett av minst leiar, nestleiar og sekretær. Leiinga i studentrådet har rett til å ha møte med leiinga ved skulen. Fagskulestudentane i Hordaland skal ha ein studentrepresentant i Hordaland Fagskulestyre. Studentrepresentanten har stemmerett, forslagsrett, møte- og talerett.

§ 9. Slutte ved fagskulen

Om ein student ønskjer å slutte ved fagskulen før heile utdanninga er fullført, må studenten sjølv melde dette skriftleg til fagskulen. Dersom ein student sluttar vert det gjeve melding til Statens lånekasse.

§ 10. Tap av rettar/bortvisning

Ein student som, trass munnleg og deretter skriftleg varsel frå rektor, opptrer i strid med reglane i dette dokumentet, kan etter vedtak av rektor bli bortvist frå institusjonen i inntil ei veke. Med bortvisning meiner ein at studenten ikkje får delta i undervisning eller opphalde seg på skulen sitt område i bortvisningsperioden.

Avgjerd om bortvisning skal ikkje få innverknad på studentens vurderingsgrunnlag. Vedtak om bortvisning er eit enkeltvedtak og studenten har klagerett. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage.

Ein student som grovt klanderverdig har handla på ein slik måte at det er skapt fare for liv eller helse for andre studentar, tilsette eller andre som studenten har å gjere med som del av opplæringa, eller som gjer seg skuldig i grove brot på teieplikta, eller i grovt usømmeleg oppførsel, kan etter vedtak av rektor verte utvist frå skulen. Med utvisning meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet i inntil to år. Studenten skal ha høve til å forklara seg før kvart vedtakspunkt.

Det vert gjeve melding til arbeidsgjevar og Statens lånekasse dersom ein student tapar retten til å fullføre utdanninga.

Studentar som tapar retten til å fullføra utdanninga, jamfør denne paragraf, kan søkje ny studieplass etter to år, men må starta utdanninga på nytt.

Vedtak om tap av rettar er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage.

E. Vurdering

§ 11. Vurderingsformer

Vurdering vert gjennomført på ein slik måte at skulen på eit mest mogleg sikkert grunnlag kan vurdera om studenten har tileigna seg kunnskapen og kompetansen som er skissert i målsettingane for utdanninga.

Bokstavkarakterskalaen A – F, der A er **beste karakter** og F er **ikkje greidd**, vert nytta i vurderinga. Vurderingsformene skal ivareta samanhengen mellom mål for utdanninga og omtala om læringsutbytte, som det går fram i faglæreplanane.

§ 12. Karakterskala for Fagskolane i Hordaland

symbol	generell, ikkje fagspesifikk omtale av vurderingskriterium
A	Framifrå prestasjon som skil seg klårt ut. Studenten har svært gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
B	Mykje god prestasjon. Studenten har mykje gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
C	Jamt god prestasjon som er tilfredsstillande på dei fleste områda. Studenten har gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
D	Akseptabel prestasjon med nokre vesentlege manglar. Studenten har nokså gode kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
E	Prestasjonen tilfredsstiller minimumskrava, men heller ikkje meir. Studenten har oppfylt minimumskrava som blir stilt til kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.
F	Prestasjon som ikkje tilfredsstiller dei faglege minimumskrava. Studenten har ikkje greidd på grunn av vesentlege manglar når det gjeld kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse.

F. Eksamensordning og eksamensreglement

§ 13. Eksamensordning

Tekniske fag

Eksamen vert gjennomført etter følgjande minimumsplan:

Hovudprosjekt

Hovudprosjektet vert avslutta med ein tverrfagleg prosjekteksamén som inneheld eit individuelt oppsummeringsnotat og ein munnleg eksaminasjon. Det vert gjeve ein samla karakter.

LØM-eksamen

Emnet som omfattar dei tre LØM-faga (organisasjon og leiing, økonomistyring og marknadsføringsleiing) vert avslutta med ein tverrfagleg eksamen.

Andre emne

Det skal haldast eksamen i minimum 2 av dei andre emna.

Helsefag

Eksamen blir gjennomført etter følgjande plan:

I dei teoretiske emna blir emnekarakter gjeve på bakgrunn av innfridde arbeidskrav; skriftleg eksamen og anna aktivitet, med grunnlag i § 11 om vurderingsformer.

Avsluttande eksamen er ei skriftleg fordjupingsoppgåve med munnleg eksaminasjon. Det vert gjeve ein samla karakter.

For å kunne gå opp til avsluttande eksamen, må studentane ha utført obligatoriske arbeidskrav, gjennomført praksisstudiar med greidd resultat, samt greidd dei føregåande emna. Fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden.

Maritime fag

For informasjon om eksamensordninga ved maritime fag sjå [Nasjonal standard for vurdering](#).

Grøne fag

Det vert halde to tverrfaglege eksamenar:

1. Ein tverrfagleg praktisk / munnleg eksamen, inntil 7 timer. Tema vert varsle 48 timer før eksamensstart. Den praktiske delen kan vere gruppebasert
2. Ein tverrfagleg skriftleg eksamen, inntil 4 timer

På eksamensdagen for den praktisk/munnlege eksamen skal studenten syna sine praktiske kunnskapar / evner i samsvar med den oppgåva dei har fått. Ved gruppebasert eksamen vert kvar enkelt student teken ut i ei munnleg eksaminasjon om den praktiske oppgåva dei har utført, samt nokre fleire emne frå faga som inngår i den tverrfaglege eksamen.

Personleg utstyr til den praktiske delen må studentane halde sjølv. Anna naudsynt utstyr skal skulen halda.

Praksisperioden må vere bestått for å kunne stille seg til eksamen, fråvær kan ikkje overstige 10 % i praksisperioden.

§ 14. Dokumentasjon

Studentar som fullfører og består ei utdanning vil få utdelt vitnemål.

Vitnemålet skal innehalde:

- Emna som inngår i utdanninga.
- Omfang av emna og oppnådd karakter skal førast på vitnemålet.
- Overordna læringsutbytte.
- Omtale av eventuell praksis.
- Nivå i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og kvalifikasjonen som vert oppnådd.
- Karaktersystemet som vert nytta og talet på fagskulepoeng.

På vitnemål for teknisk fagskule skal fagretning, fordjuping og tittel på hovudprosjektet gå fram.

For deltidsstudentar vert det skrive ut kompetansebevis etter kvart fullført emne, der mål og innhald vert omtala i samsvar med fag- eller studieplan.

Om ein student berre har fullført delar av ei utdanning vert det skrive ut eit kompetansebevis for dei emna studenten har fullført.

§ 15. Informasjon om eksamen

Fagskulen sin eksamensplan skal vere tilgjengeleg 3 månader før eksamen vert gjennomført. Skulen skal ha rutinar for å gjere studenten kjent med eksamensplanen som seier når og kor det ligg føre sensur.

§ 16. Rett til å gå opp til eksamen

Studentar som er tekne inn til eit emne eller eit studium ved fagskulen, har rett til å gå opp til dei eksamenar og prøvar som høyrer til studiet eller emne.

Det er ikkje høve til å gå opp som privatist ved fagskulane.

I kvart emne er det fastsett særskilte arbeidskrav som prøvar, innleveringar, eller krav om obligatorisk framøte og/eller praksis som må vere fullført før eksamen kan avleggjast. Nærare opplysningar om dette vert gitt i studieplanen. Studentar som ikkje oppfyller dei arbeidskrava som er fastsett, har ikkje rett til å gå opp til eksamen.

Ved dei maritime fagskuleutdanningane må studenten ha bestått alle emna det første året for å ha rett til å gå vidare til emna på andre året. Studenten vil ikkje tape retten til å gå vidare til andre året før etter frist for kontinuasjon. Om studenten består eksamen etter kontinuasjon vert ikkje retten til å gå vidare tapt.

Ved dei tekniske fagskuleutdanningane kan studenten berre ha stroke i eit emne for å kunne gå vidare med utdanninga. Det er ikkje mogleg å utsetja eit emne fullt ut til året etter, med mindre det ligg føre særskilte tilhøve. Det vil sei at dersom studenten ikkje har levert nokon av arbeidskrava i eit emne, vil studenten tape retten til å fullføre utdanninga. Rektor kan gje dispensasjon til å utsetje, eller ta opp att eit emne, ved særskilte høve etter søknad. Ved tap av rettar har studenten klagerett. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

Ein student har rett til å ta eksamen ved fagskulen i same emne tre gonger. Ein student vert å oppfatta som å ha stilt til ein eksamen om han/ho:

- trekker seg etter avmeldingsfristen er gått ut
- ikkje møter på eksamen
- ikkje leverer svara
- eller møter på eksamen og trekker seg under eksamen

Fagskulen ved rektor kan gje dispensasjon for eit fjerde forsøk i spesielle tilfelle etter søknad frå studenten og uttale frå familjøet. Når ein student har teke eksamen på nytt gjeld den beste karakteren. Studentar som trekker seg etter fristen og som ikkje har gyldig grunn, vert rekna for å ha framstilt seg til eksamen. Gyldig grunn er sjukdom eller sterke velferdsgrunnar og skal dokumenterast. Dokumentasjonen skal leverast/vere poststempla så raskt som mogleg og seinast innan tre virkedagar etter eksamen.

Det er mogleg å ta eventuell praksisperiode ein gong til om ein ikkje har greidd denne med mindre anna er bestemt i studieplanen. Vedtak om ikkje bestått praksisperiode er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

Når ein student ikkje fullfører studiet /emnet/funksjonen innan normert studietid og det i mellomtida er gjort vesentlege endringar i fag- eller studieplan, gjeld retten til å fullføre etter den opphavlege fag- eller studieplan i eitt år etter at endringa vart gjort gjeldande.

§ 17. Fritak frå emne og innpassering av likeverdig kompetanse

Fritak:

Dersom studenten kan dokumentera å ha bestått anna type utdanning eller har fått realkompetanse for delar av ei fagskuleutdanning, kan studenten søkje om fritak frå eitt eller fleire emne.

Rektor tek avgjerd om fritak av emne. Søknad må innehalde dokumentasjon (vitnemål eller kompetansebevis) på utdanninga eller realkompetanseurderinga studenten søker om fritak for.

Innpassering:

Dersom studenten kan dokumentera å ha bestått likeverdig eller tilsvarande emne ved same eller ein annan institusjon, kan studenten søkje om innpassering av delar av tidlegare utdanning.

Læringsutbyttebeskrivingane eller studieplan vert nytta for å vurdera om studenten har rett på innpassering av eit emne.

Vurdering av innpassering og fritak:

Rektor tek avgjerd om innpassering av emne. Vurderinga om innpassering eller fritak vert gjort på bakgrunn av læringsutbyttet for den aktuelle utdanninga eller det aktuelle emnet, omfanget (t.d. fagskulepoeng), nivå og arbeidsbelastning. Ei utdanning som ikkje har læringsutbyttebeskrivingar vert vurdert ut i frå utdanninga sin studieplan.

Søknad må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i emnet som studenten ønsker å søke fritak eller innpassering for. Nærare bestemt:

- Vitnemål eller kompetansebevis
- Oversikt over kva delenne som inngår i emnet
- Oversikt over læringsutbyttebeskrivinga for emnet, eller studieplan

Søknadsfrist er to veker etter skulestart.

Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til. Ved innpassering av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjonen som skriv ut vitnemål.

Ved avslag på søknad om fritak eller innpassering av emne har studenten klagerett. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

§ 18. Eksamens under særskilte vilkår

Studentar som av medisinske eller andre grunnar har trong for spesiell tilrettelegging ved den praktiske gjennomføringa av eksamen, må sende søknad til rektor om dette innan oppmeldingsfristen for eksamen. Om det oppstår akutt trong for tilrettelegging kan det gjerast unntak frå søknadsfristen. Søknaden må innehalde dokumentasjon frå sakkyndig instans (til dømes lækjar, logoped, psykolog) og omtale om trangen for særordning i eksamenssituasjonen. Ein søker normalt for kvar eksamsperiode, men om grunnlaget for særordningar er av permanent karakter, kan det gjerast unntak for dette.

Særordningar kan vere spesiell fysisk tilrettelegging, bruk av særskilte hjelpemedel og/eller utvida tid til eksamen, eller i spesielle tilfelle alternativ eksamsform. Døme på særordningar: eige eksamenslokale, bruk av PC, skrivehjelp, munnleg eksamen i staden for skriftleg, høgtlesing av oppgåva, høgtlesing av svara for korrektur, lesing av svara på kassett, spesialstol, spesialbord, ekstra pausar med høve til å kvile, ammepausar og liknande.

Ved skriftleg eksamen med tilsyn kan det verte gjeve utvida tid med inntil 25 % av normal eksamenstid, maksimalt 1 time. Eksamens utan tilsyn kan vurderast særskilt, men med maksimalt 48 timer tillegg i tid.

Særordningar skal likevel vere slik at eksamenspresentasjonen vert vurdert etter vanlege faglege kriterium.

Eventuelt avslag på søknad om tilrettelagt eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten har klagerett. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

§ 19. Fusk og forsøk på fusk

Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve, eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglemenet eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøvar med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til fagskulen sin administrasjon for vidare handsaming.

Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ønsker å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjelpt andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøven annullert.

Det er rektor som fattar vedtak om annulling på grunn av fusk eller forsøk på fusk. Annulling av eksamen eller prøve grunna fusk, eller forsøk på fusk, er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage og kva rettar studenten har ved disiplinære sanksjonar.

§ 20. Annulering av eksamen

Hordaland fagskulestyre kan annullere eksamen/emne om studenten er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppførsel.

Hordaland fagskulestyre kan annullere godskriving eller godkjenning av utdanninga eller fritak for eksamen om studenten har oppnådd dette ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for uhøvisk oppførsel.

Høve til annulering vert ikkje forelda.

Etter avgjersle om annulering skal eventuelt vitnemål eller karakterutskrift leverast tilbake til fagskulen. Om vitnemål eller karakterutskrift ikkje vert levert tilbake til skulen i rett tid, kan skulen krevje hjelp frå namsmannen i samsvar med reglane i tvangsfyllbyrdingslova kap.13. Danna vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskulen gje melding om annulering til vedkommande mynde.

Annulering av eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage og kva rettar studenten har ved disciplinære sanksjonar.

G. Klage og klagehandsaming

§ 21. Klageinstans, framgangsmåte og fristar

Klageinstans

Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les meir om grunngjeving for karakter, klage på mappeevaluering/emnevurdering og eksamen under § 23 – 25.

Ved alle andre tilhøve er det Hordaland fagskulestyre som er ansvarleg for klagehandsaming. Hordaland fagskulestyre har oppretta ei særskilt klagenemnd som handsamar klager på vegner av styret. Klagenemnda består av minimum to personar frå fagmiljøa ved fagskulane og éin student med personleg vara. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til Forvaltningslova.

Følgjande tilhøve vert handsama av fagskulestyret si klagenemnd:

- formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)
- eksamen under særskilt vilkår
- disciplinære sanksjonar
- opptak
- fritak eller innpassering av emne

Framgangsmåte og fristar

Alle klager skal sendast til fagskulen ved rektor som anten sender klagen til handsaming for ny sensur eller til handsaming i fagskulestyre si klagenemnd.

Studenten må sende klagen seinast 3 veker etter at vedtaket er gjort kjent for studenten, eller denne har hatt rimeleg høve til å gjøre seg kjent med vedtaket. Studenten skal få svar på klagen seinast innan ein månad. Dersom klagehandsaminga tek lengre tid, skal klagar underrettast om dette skriftleg. Klagen skal vere skriftleg og sendast til fagskulen sitt post-mottak (e-post eller brev).

Klage over formelle feil ved eksamen må varslast innan 3 veker etter at studenten er eller burde vore kjent med det forhold som gir grunnlag for klagen.

Finn klagenemnda at det er gjort formelle feil, og det er rimeleg å tru at dette kan ha vore viktig for ein eller fleire studentar sin prestasjon eller vurdering av denne, skal det gjennomførast ny sensur, eller haldast ny eksamen så snart som mogleg.

Den skriftlege klagen skal innehalde:

- kven som klagar (namn, adresse og studentnummer)
- vedtak det vert klaga over
- kva klagen gjeld og grunngjeving for denne
- dato og underskrift/er

§ 22. Disiplinære sanksjonar

Ved alvorlege tilhøve, som til dømes vedtak om fusk, erstatningsansvar, bortvisning eller tap av rettar, skal studenten ha høve til å forklare seg for rektor før det vert fatta vedtak. Studenten skal ha grunngjeving når det er fatta eit vedtak. Studenten har vidare rett til å møte for klagenemnda og leggje fram si sak. Klagenemnda kan oppheve/endre vedtak som er fatta av rektor. Studenten har rett til å ha med seg studentrepresentant om han/ho skal møte for klagenemnda.

§ 23. Grunngjeving for karakterfastsetting

Ein student har rett til grunngjeving ved karakterfastsetting ved mappevurdering, prøvar, innleveringar og andre arbeidskrav som dannar grunnlag for mappevurdering/emnekarakter og eksamen. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheter må krav om grunngjeving setjast fram straks etter at karakteren er meddelt. Ved anna vurdering må krav om grunngjeving framsetjast innan 3 veker frå karakteren vart kunngjort eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.

Grunngjeving skal normalt vere gitt innan ti dagar etter at studenten har sett fram krav om det. I grunngjevinga skal det gjerast greie for dei generelle prinsippa som ligg til grunn for vurderinga og for vurderinga av studenten sin prestasjon.

Grunngjeving vert gjeve munnleg eller skriftleg etter sensor sitt val. Vert det sett fram klage basert på grunngjevinga, må sensor levera skriftleg grunngjeving til klagehandsamar.

Om studenten har bede om grunngjeving innan fristen, vil studenten kunne setje fram klage innan 3 veker etter å ha motteke grunngjeving for karakterfastsettinga. Studenten vert oppmoda til å be om grunngjeving før klage vert sett fram, men det er ikkje eit krav.

§ 24. Klage på mappevurdering/emnekarakter

Studenten har rett til å klage på karakterfastsetting ved alle prøvar og innleveringar som har konsekvens for avsluttande vurdering i eit emne. Ved klage på karakter ved prøvar eller innleveringar må studenten setje fram klage innan 3 veker frå karakteren var gjort kjent, eller 3 veker etter at studenten har fått grunngjeving. Ved klage på endeleg karakter ved mappevurdering/emnekarakter er det berre mogleg å klage på sluttvurderinga og ikkje enkeltståande prøvar og innleveringar tilbake i tid.

Om studenten set fram klage på karakter ved prøve, innlevering og andre arbeidskrav som har konsekvens for avsluttande vurdering, skal det verte gjort ei ny fagleg vurdering av ein annan part. Studenten vert oppmoda til å be om grunngjeving før det vert sett fram klage.

Ved klage på avsluttande vurdering i høve til mappevurdering/emnekarakter kan studenten berre klage på summen av karakterfastsettinga. Det vil seie den totale vurderinga av dei karakterane som er del av mappevurderinga/emnekarakteren. Studenten har rett på grunngjeving for karakterfastsetting. Ved klage på mappevurdering/emnekarakter skal det verte gjort ei ny vurdering av ein annan fagskule. Karakterfastsetting ved klagehandsaming etter denne paragraf kan ikkje pålagast.

Ved klage over karakterfastsettinga på gruppeeksamen(der ein får gruppekarakter) må alle gruppemedlemmene samla samtykke i og skrive under på klagen.

§ 25. Klage på eksamen

Ved klage over karakterfastsetjing ved ein eksamen skal to nye sensorar nyttast. Ny sensur skal ligge føre innan same fristar som gjeld for ordinær eksamen. Endring kan gjerast både til gunst og ugunst for klagar. Karakterfastsetting ved ny sensur etter denne paragraf kan ikkje klagast på.

Om den endelege karakteren blir fastsett på grunnlag av ei munnleg prøve/justering i samanheng med ein skriftleg deleksamen og klagar får medhald i klage på sensuren av den skriftlege delen av eksamen, skal det haldast ny munnleg eksamen før ny endeleg karakter kan setjast.

Vurdering av munnleg prestasjon eller anna vurdering som på grunn av type prøve ikkje let seg etterprøve kan ikkje klagast på med mindre det gjeld formelle feil ved eksamen. Sjå § 22. Klage over formelle feil ved eksamen.

Korleis gå fram ved klage på karakterfastsetting

Den skriftlege klagen skal innehalde:

- kven som klagar (namn, adresse og studentnummer)
- vedtak det blir klaga over
- kva klagen gjeld og grunngjeving for denne i høve til omtale av læringsutbytte, om det vert klaga på emnekarakter
- dato og underskrift(er)

H. Bruk av Internett

Det er ikkje tilte å hente ned informasjon frå Internett som stirr mot norsk lov, eller som kan virke støytande eller ukvæmt på andre. Dette gjeld blant anna pornografisk, rasistisk eller satanistisk propaganda, diskriminering av kjønn/religion, bilete som inneheld vold osv.

Om det blir nytta informasjon frå Internett i skullearbeid som skal gje grunnlag for vurdering, skal alltid nettadresse verte oppgjeven som kjelde. Forsøk på å gje ut slikt materiale som eigenprodusert blir å sjå på som fusk, og kan få konsekvensar for vurderingsgrunnlaget (sjå punkt § 19. *Fusk og forsøk på fusk*).

Det er ikkje lov å sende eller leggje ut stoff på Internett som kan oppfattast som fornærmande, injurierande eller truande av andre.

Brot på dette reglementet kan medføre utesenging frå skulen sitt dataanlegg eller andre refsingstiltak heimla i skulen sitt reglement (§ 10. Tap av rettar/bortvising), eventuelt krav om økonomisk erstatning og/eller melding til politiet.

Studenten har rett til å klage på eventuelle sanksjonar/refsingstiltak. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming*, for meir informasjon.

I. Andre føresegner

§ 26. Kjennskap til reglementet

Fagskulen sine studentar skal gjerast kjende med dette reglementet.
Studenten kvitterer for at studentreglementet er lest og akseptert.

§ 27. Ikraftsetjing

Dette reglementet vart vedtatt i Hordaland fagskulestyre den 27.01.2015, med verknad frå same dato.



Arkivnr: 2014/2-71

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	5/15	27.01.2015

Kvalitetsmelding for Fagskolane i Hordaland 2014**Samandrag**

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har gjennomført dei årlege skulebesøka ved Fagskolane i Hordaland med oppfølging av årsmeldingane som fagskulane leverte for skuleåret 2013/14. Skulebesøka vart gjennomført i tråd med kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland. I denne kvalitetsmeldinga vert det først gjeve eit oversiktsbilete av Fagskolane i Hordaland i høve til studentstatistikk. Deretter vert funna ved skulebesøka summert opp, og til slutt vert det sett på måla som Hordaland fagskulestyre har vedteke for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2013/14.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fagskulestyre tek kvalitetsmeldinga til etterretning.
2. Følgjande mål For Fagskolane i Hordaland vert vidareført for skuleåret 2014/15:
Gjennomstrømming og fullført utdanning
 - Det er eit mål å auke gjennomstrømmingen ved Fagskolane i Hordaland.
 - Det er eit mål å auke talet på studentar med fullført utdanning.

Det totale læringsmiljø

- På spørsmål om det totale læringsmiljø i studentevalueringa er det eit mål å ha ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.01.2015

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga har gjennomført dei årlege skulebesøka ved Fagskolane i Hordaland med oppfølging av årsmeldingane som fagskulane leverte for skuleåret 2013/14. Skulebesøka vart gjennomført i tråd med kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland. I denne kvalitetsmeldinga vert det først gjeve eit oversiktsbilete av Fagskolane i Hordaland i høve til studentstatistikk. Deretter vert funna ved skulebesøka summert opp, og til slutt vert det sett på måla som Hordaland fagskulestyre har vedteke for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2013/14.

Studentstatistikk

Tabell 1 under syner talet på studentar per 1. oktober frå 2011 til 2014. Tala syner at det var 1230 studentar under utdanning ved Fagskolane i Hordaland hausten 2014, medan det var 1160 studentar som starta opp hausten 2013, og det er desse studentane som har gjennomført undersøkinga til denne kvalitetsmeldinga.

Tabell 1.

	2011	2012	2013	2014
Tal studentar	885	1093	1160	1230

Kjelde: DBH-f

Frå hausten 2011 til hausten 2012 hadde Fagskolane i Hordaland ein kraftig auke på 23,5 %. Åra etter frå 2012 til 2013 og frå 2013 til 2014, var auken på om lag 6 % kvart år. Dette er ein moderat, men god auke i høve til at det ikkje er stor nok fleksibilitet i rammeoverføringane til å handtere ein stor auke i studenttalet.

Tabell 2.

	2011	2012	2013	2014
Heiltidsekvivalentar	768,79	911,56	979,65	1016,71

Kjelde: DBH-f

Tabell 2 syner også studentalet per 1. oktober frå 2011 til 2014, men er rekna om til heiltidsekvivalentar. Frå 2012 til 2013 var det ein auke i studentalet rekna som heiltidsekvivalentar på 7,5 %, medan det berre var ein auke på 3,8 % frå 2013 til 2014. Årsaka til dette er at auken frå 2012 til 2013 hovudsakeleg er i heiltidsstudentar, medan det var ein nedgang i nett- og deltidssstudentar. Frå 2013 til 2014 var det ein omvendt trend med auke i talet på nett- og deltidssstudentar og ein nedgang i talet på heiltidsstudentar.

Fordeling på kjønn

Ved helsefagskuleutdanningane er majoriteten kvinner, og ved dei tekniske og maritime fagskuleutdanningane er det flest menn. Dette er ei typisk fordeling som ein også ser elles innan utdanningssektoren.

Tabell 3. Del kvinner ved tekniske og maritime fag

	2011	2012	2013	2014
Kvinner tekniske/maritime fag	45	55	68	74


Kjelde: DBH-f

Tabell 3 over syner at delen kvinner som tek teknisk og maritim fagskuleutdanning aukar jamt kvart år som studentalet elles. Auken i delen kvinner frå 2012 til 2013 er på 19 % medan auken frå 2013 til 2014 er på 8,8 %. Ved helsefaga var det 7 mannlege studentar i 2013, medan berre 5 mannlege studentar i 2014.

Fordeling på fagområde

Diagram 1 under syner talet på studentar per 1. oktober 2013 fordelt på fagområde. Som ein ser av diagrammet, er det tekniske fag som har flest studentar, deretter maritime fag, helsefag og til slutt grøne fag.


Diagram 1.



Kjelde: DBH-f

Diagram 2 under syner same fordeling, og ein kan sjå at dei tekniske og maritime faga har hatt ein vekst sidan hausten 2013, medan helsefaga og dei grøne og marine faga har hatt ein nedgang.

Diagram 2.




Kjelde: DBH-f

Fordeling av studentar på fylke

Diagram 3 under syner ei oversikt over dei fylka som har flest fagskulestudentar innan offentleg sektor i 2014. Som ein ser, er Hordaland fylkeskommune det største fylket i høve til talet på offentlege fagskulestudentar, medan Oppland fylkeskommune er nest størst. Oppland fylkeskommune ved Fagskolen Innlandet har ein liknande modell for organisering av fagskulane som Hordaland fylkeskommune har.

Diagram 3. Dei største fagskulefylka i høve til offentlege fagskulestudentar



Kjelde: DBH-f

Hordaland er som nemnt det største fylket i høve til studenttal i offentleg sektor, og til saman 16 % av alle offentlege fagskulestudentar tek si utdanning ved Fagskolane i Hordaland. Oppland har 10 % av denne studentmassen, medan Oslo og Rogaland har 9 %, og Møre og Romsdal 6 %.

Funn etter skulebesøka

Fagskolane i Hordaland har god kvalitet på sine utdanningsar, og årsmeldingane syner at studentane hovudsakleg er nøgd med utdanningstilbodet. Likevel er det område ved dei einskilde fagskulane som har fått lågare skår enn ønska frå studentane, og desse tilhøva har vore drøfta ved skulebesøka. I tillegg vart andre utfordringar som økonomi og rekruttering drøfta.

Tilhøve som går igjen ved alle fagskulane

Det er berre eitt tilhøve som går igjen med ein negativ skår ved alle fagskulane, og det er spørsmål om samarbeid med næringslivet. Ved Bergen maritime er det store skilnader mellom trinna i høve til kor tilfredse dei er. Studentane på andre året er meir nøgd enn fyrsteårsstudentane, og dette drar opp gjennomsnittskåren. Dette er eit tilhøve som har fått noko låg skåre dei siste åra når studentundersøkinga har vore gjennomført. Både fagskulane og studentrepresentantane som deltek på skulebesøka seier at det kan verke som om studentane misoppfattar spørsmålet, og tenker på skulen sin grad av samarbeid med studentane sin eigen arbeidsplass. Fagskulane og administrasjonen har gjort grep for å spisse spørsmålsformuleringa slik at studentane forstår kva ein spør etter. Dette ser ikkje ut til å ha hatt innverknad på svara frå studentane, og det er derfor gjort ytterlegare grep i spørjeskjemaet til studentane for å spisse spørsmålsformuleringa enda meir.

Grunnen til at ein spør om kor nøgd studentane er med skulen sitt samarbeid med næringslivet, er at det er viktig å få ein indikator på at skulane sine utdanningsar er i tråd med kva næringslivet etterspør av kompetanse. Fagskolane i Hordaland har eit utstrekkt samarbeid med næringslivet både i høve til utvikling av tilbod og kompetanseutveksling.

Døme på samarbeid mellom fagskulane og næringslivet:

- Utvikling av nye tilbod
- Gjesteførelesing
- Karrieredag
- Kursutvikling og tilbod
- Gjennomføring av hovudprosjekt

Bergen maritime fagskole

Bergen maritime fagskole syner ved skulebesøket at dei følgjer opp dei tilbakemeldingane studentane gjev. Eitt av tema som vart teke opp er korleis skulen arbeider med kvalitetssystemet for Fagskolane i Hordaland. Fagskulen og administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vart samde om at skulen i fortsettinga vil gje ein årsrapport som syner fagskuletilboda og studiestadane kvar for seg i staden for å gje ei overordna framsyning av det samla tilboden som ikkje har detaljar om det einskilde studietilboden.

I høve til den nye organiseringa av fagskulane er rektor svært tilfreds med samanslåinga mellom Bergen maritime fagskole og tidlegare Austevoll maritime fagskule. Rektor meiner at Bergen maritime har nytt godt av samanslåinga i høve til utveksling av kompetanse, og det same har studiestaden Austevoll. Det har likevel vore høg arbeidsbelastning på leiinga, spesielt i høve til samkjøring, implementering av like system og felles revisjonar. Rektor etterlyser vidare ei betre oppfølging frå fylkeskommunen til neste samanslåing slik at alle aktuelle system er oppdaterte i høve til ny organisering når skulane vert samlokalisert.

Bergen tekniske fagskole

Bergen tekniske fagskole følgjer opp tilbakemeldingane til studentane på ein god og systematisk måte og er flink til å nyttar studentundersøkinga systematisk i kvalitetsarbeidet ved skulen.

Studentane gjev låg skår på spørsmål om lokalitetane ved skulen. Dette er eit tilhøve som har gått igjen ved Bergen tekniske fagskole i fleire år, spesielt inneklima. Det er gjort målinger i klasseromma, og dei er akkurat under grensa for lovleg CO₂ når ein sørger for lufting og anna. Ventilasjonsanlegget er oppgradert så mykje som mogleg, men problemet er at systemet er overbelasta på grunn av for mange personar i klasseromma. Dette vil verte løyst når Bergen tekniske fagskole flyttar til nye lokale i Haugeveien.

Hordaland helsefagskole

Hordaland helsefagskole har fått svært gode tilbakemeldingar i studentundersøkinga og skårar høgare enn 4,5 på spørsmål om tilfredsheit med det totale læringsmiljøet. Skulen følgjer opp tilbakemeldingar frå studentane på ein god måte og nyttar studentundersøkinga systematisk i kvalitetsarbeidet ved skulen.

Som nemnt tidlegare er låg skår på spørsmål om grad av samarbeid med næringslivet eit tilhøve som går igjen ved fagskulane. Dette gjeld også Hordaland helsefagskole. Skulen veit at studentane ofte er avhengig av god støtte frå arbeidsgjevar for å kunne gjennomføre ei helsefagskuleutdanning. Ved skulebesøket vart det difor diskutert tiltak for å betre samarbeid med næringslivet for å rekruttere nye studentar og for å behalda studentane som har fått opptak til skulen. Eitt tiltak kan vere betre dialog med arbeidsgjevar, eller å la kommunane i større grad styre behovet i høve til kva tilbod som vert starta opp.

Anna tilhøve

Økonomi er eit tema som går igjen ved alle dei tre fagskulane. Ved Bergen maritime fagskole kan det verte utfordringar knytt til kursverksemda. Årsaka til dette er svingningar i marknaden som gjer at kursa er mindre etterspurta enn før. Ved Bergen tekniske fagskole er det utfordringar knytt til kostnadskrevjande studiestader. Det vert gjeve lågare tilskot til studiestadene grunna små klassar enn kva det i realiteten kostar, og dette har gjort økonomien ved skulen meir anstrengt. Ved Hordaland helsefagskole er det også utfordringar med økonomi knytt til små klassar. Nokre av dei små klassane er resultat av samanslåinga, og nokre av klassane har hatt stort fråfall like før start.

Måloppnåing

Hordaland fagskulestyre vedtok følgjande overordna mål for Fagskolane i Hordaland for skuleåret 2013 - 2014:

Gjennomstrømming og fullført utdanning

- Det er eit mål å auke gjennomstrømmingen ved Fagskolane i Hordaland. Målinga vert gjort mellom teljetidspunkta oktober og mars kvart år.
- Det er eit mål å auke talet på studentar med fullført utdanning.

Det totale læringsmiljø

- På spørsmål om det totale læringsmiljø i studentevalueringa er det eit mål å ha ein gjennomsnittskåre som ikkje er lågare enn 4,5 med ein skala frå 1 til 6.

Gjennomstrømming

For å sjå på gjennomstrømmingen ved Fagskolane i Hordaland er det naudsynt å ha data for fleire år. Fagskulane starta med å rapportere studentdata til Database for høgre utdanning (DBH) i 2011, og det er difor ikkje mogleg å henta ut data på fråfall og fullføring for alle åra. Studentane skal vere i utdanning i to til tre år avhengig av studieløp (heiltid eller deltid). Tabell 4 under syner fråfallet ved Fagskolane i Hordaland i prosent første, andre og tredje året etter at studentane første gong starta opp. Til dømes syner tabell 4 at i 2011 falt det frå 16 %, medan det samla fråfallet for første og andre år var på 25 %, og det tredje året var det samla fråfallet for dei som starta utdanninga i 2011 27 %.

Tabell 4.

Fråfall			
Studentar starta	1. år	2. år	3. år
2011	16 %	25 %	27 %
2012	27 %	34 %	
2013	18 %		

Kjelde: DBH-f

Vidare syner tabell 4 at fråfallet har auka i 2012, medan det har vore ein nedgang på første året i 2013 i høve til fråfallet første år i 2012. Ein kan også sjå at fråfallet generelt er størst første året i utdanning, medan det er ein lågare vekst i fråfallet til andre og tredje studieår.

Tabell 5.

Fullføring		
Studentar starta	2. år	3. år
2011	64 %	72 %

Kjelde: DBH-f

Tabell 5 syner berre tal på fullføring for 2011. Årsaka til dette er at det ikkje er fullverdige data for 2012 og 2013 av di ikkje alle studentane som starta opp desse åra har fullført på grunn av lengda på studiet.

Tabell 5 syner at av dei studentane som starta opp i 2011, var det 64 % som hadde fullført etter andre studieår, og til saman 72 % etter tredje studieår.

Sjølv om tala ikkje gjev eit fullstendig bilet av gjennomstrømmingen ved Fagskolane i Hordaland, er 72 % ein god gjennomføringsgrad. Fråfallet kunne ha vore noko lågare første året, og dette arbeider fagskulane med kontinuerleg. I tillegg syner uttaket av data frå DBH at 11 studentar som har slutta har kome tilbake og fullført etter to eller tre år.

Fullført utdanning

Med fullført utdanning meiner ein i tabell 6 alle som gjekk ut med vitnemål i 2013 og 2014, uavhengig av når dei starta, og om dei har fullført på normert tid. Målet om å auka talet på personar med fullført utdanning vil sjølv sagt vere avhengig av kor mange studentar ein tar inn, i tillegg til kor mange studentar ein

uteksaminerer. Det vil seie at fagskulane kan nå målet om å auka talet på studentar med fullført utdanning utan å betre gjennomføringsprosenten ved å ta inn fleire studentar. Det er likevel interessant å sjå kor mange studentar som fullfører med vitnemål og om det er ein auke.

Tabell 6. Fullført utdanning

Fagskolens navn	2013	2014
Bergen maritime fagskole	130	169
Bergen tekniske fagskole	195	203
Hordaland helsefagskole	13	35
Sum	338	407

Kjelde DBH-f. Tala for 2013 er før samanslåinga men vert vist som ny organisering for å forenkle framsyninga.

Talet på personar med fullført utdanning har gått opp med vel 20 % frå 2013 til 2014. Dette er ein svært god auke, men har også samanheng med auken i studentalet dei siste åra. På bakgrunn av dette har Fagskolane i Hordaland nådd målet om å auka talet på studentar med fullført utdanning.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå å vidareføra måla om gjennomstrømming og fullført utdanning for skuleåret 2014/15 med ei lita justering. Det vert føreslått å ta vekk setninga i det første målet som seier at målinga vert gjort mellom teljepunkta oktober og mars kvart år av di det er ønskjeleg å sjå på fråfallet år for år. Måla vert då utforma som følgjer:

Gjennomstrømming og fullført utdanning

- Det er eit mål å auke gjennomstrømmingen ved Fagskolane i Hordaland.
- Det er eit mål å auke talet på studentar med fullført utdanning.

Det totale læringsmiljø

Som nemnt tidlegare er det eit mål at Fagskolane i Hordaland skal ha ein gjennomsnittskåre på spørsmål om tilfredsheit med det totale læringsmiljøet på 4,5. Skalaen går frå 1 - svært utilfreds, til 6 – svært tilfreds. Dette er i utgangspunktet eit høgt mål, men det er viktig å ha nøgde fagskulestudentar for Fagskolane i Hordaland.

Tabell 7.

Gjennomsnittskåre totalt læringsmiljø	
Bergen tekniske fagskole	3,9
Hordaland helsefagskole	4,7
Bergen maritime fagskole	3,9

Tabell 7 syner at Hordaland helsefagskole har nådd målet og har ein gjennomsnittskår på heile 4,7. Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole har begge ein gjennomsnittskår på 3,9 og har ikkje nådd målet på 4,5. Noko av årsaka til at desse to skulane ikkje når heilt opp på tilfredsheit med det totale læringsmiljøet kan ha samanheng med utfordringar knytt til utstyr som simulator og lab, i tillegg til små lokale og lokale under oppussing. Gjennom skulebesøka er det likevel tydeleg at alle dei tre fagskulane er opptatt av studentane sin tilfredsheit, og at dei vil arbeide systematisk med tilbakemeldingane frå studentane.

Administrasjonen vil tilrå at målet om ein gjennomsnittskåre på 4,5 i høve til det totale læringsmiljø vert vidareført.



Arkivnr: 2014/2-68

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	6/15	27.01.2015

Endringar i kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Hordaland helsefagskule har etter godkjenning av styret søkt NOKUT om vesentleg endring av allereie godkjent tilbod innan spesialreinhald og sterilforsyning innan fristen 15. september 2014. Det er kome mellombels svar frå NOKUT med krav om endringar i høve til grunnleggjande føresetnader for å tilby fagskuleutdanning i kvalitetssikringssystemet, studentreglementet og styrevedtekten. I denne saka er det føreslått endringar i kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland for å imøtekome dei grunnleggjande føresetnadene for å kunne tilby fagskuleutdanning.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre vedtek endringar i kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland

Fylkesrådmannen, 08.01.2015

Hordaland helsefagskule har etter godkjenning av styret søkt NOKUT om vesentleg endring av allereie godkjent tilbod innan spesialreinhald og steriforsyning innan fristen 15. september 2014. Det er kome mellombels svar frå NOKUT med krav om endringar i høve til grunnleggjande føresetnader for å tilby fagskuleutdanning i kvalitetssikringssystemet, studentreglementet og styrevedtekten. I denne saka er det føreslått endringar i kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland for å imøtekome dei grunnleggjande føresetnadene for å kunne tilby fagskuleutdanning.

Tilhøva NOKUT meiner er mangelfulle eller uklare i kvalitetssikringssystemet er:

1. Kvantitative indikatorar og kvalitetsmål
 - a. Korleis vert dei kvantitative indikatorane og måla fastsett?
 - b. Klargjer omgrepene «kvalitetsmål» i punkt 4.7 i systembeskrivinga
2. Fastsette i kvalitetssikringssystemet at møte med eksterne interessenter skal verte gjennomført årleg eller oftare.

På bakgrunn av NOKUT sine kommentarar vert følgjande endringar føreslått:

1. Kvantitative indikatorar og mål

Siste avsnitt under punkt 4.7 vert føreslått endra frå:

Skulebesøka dannar grunnlag for ei kvalitetsmelding til styret med eventuelle framlegg og vedtak om tiltak for å betre kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolane i Hordaland. Tiltaka kan gjelde alle fagskulane eller ein einskild fagskule og utdanningstilbod. Kvalitetsmeldinga til styret skal også omtale dei kvalitetsmåla som er sett av styret. Kvalitetsmåla som er definert av styret vert definert årleg etter at kvalitetsmeldinga er lagt fram.

Til:

Skulebesøka dannar grunnlag for ei kvalitetsmelding til styret med eventuelle framlegg og vedtak om tiltak for å betre kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolane i Hordaland. Tiltaka kan gjelde alle fagskulane eller ein einskild fagskule og utdanningstilbod. Kvalitetsmeldinga til styret skal også omtale dei overordna og lokale måla som er sett av styret for inneverande år. Desse måla er utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolane i Hordaland som heilskap eller for den einskilde fagskule. Måla vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med kvalitetsmeldinga som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i årsmeldingane og ved skulebesøka.

2. Eksterne interessenter

Første avsnitt under punkt 4.5 vert føreslått endra frå:

For å sikre at utdanningstilboda har naudsynt yrkesrelevans og samsvarar med kompetansebehov i aktuelle bransjar skal det gjennomførast periodiske dialogmøte mellom fagskulane og representantar frå aktuell bransje, t.d. arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar, næringsliv, privat og offentleg verksemd og tidlegare fagskulestudentar. Desse møta vil ha ein frekvens på annakvart år.

Til:

For å sikre at utdanningstilboda har naudsynt yrkesrelevans og samsvarar med kompetansebehov i aktuelle bransjar skal det gjennomførast periodiske dialogmøte mellom fagskulane og representantar frå aktuell bransje, t.d. arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar, næringsliv, privat og offentleg verksemd og tidlegare fagskulestudentar. Desse møta skal verte gjennomført minimum kvart år.

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga og dei kvalitetsansvarlege ved fagskulane har i tillegg vidareutvikla spørjeskjema i kvalitetssystemet for å gjere spørsmåla meir forståelege. Det har også blitt lagt til nokre spørsmål om blant anna eigen innsats i høve til skullearbeid og arbeidsmiljø. Ingen spørsmål er teke vekk frå dei opphavlege spørjeskjema.

Kvalitetssikringssystem

Fagskolane i Hordaland

1. Innleiing

Fagskulelova med forskrift stiller krav om at tilbydarar med godkjente fagskuletilbod skal ha tilfredsstillande interne system for kvalitetssikring som sikrar at utdanningstilboden held kvalitet og yrkesrelevans, samt dokumenterer kvalitetssikringsarbeidet og avdekkar eventuell svikt i kvaliteten.

Hordaland fagskulestyre er ansvarleg tilbydar av 31 Nokut-godkjende fagskuleutdanninger ved Fagskolane i Hordaland. Styret har m.a. ansvar for å sikre at utdanningstilboda held tilfredsstillande kvalitet og yrkesrelevans. Det er difor utvikla eit felles kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland. Systemet imøtekjem krava i *Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning* (fagskuletilsynsforskrifta) kapittel 5.

I dette dokumentet vert det gitt ei overordna framstilling av kvalitetssikringssystemet med årshjul for ulike aktivitetar. Vidare vert det gjort greie for metodar og verktøy for innhenting, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda.

1.1 Om Fagskolane i Hordaland

Fagskolane i Hordaland omfattar 31 fagskuleutdanninger knytt til 3 skular som er eigd av Hordaland fylkeskommune. I 2013 hadde Fagskulane i Hordaland om lag 1100 studentar.


Hordaland har lange tradisjonar og eit breitt tilbod av fagskuleutdanninger innan tekniske og maritime fag. Fagskolane i Hordaland har dei siste åra auka både i talet på utdanninger og talet på studentar. Hausten 2008 vart det også starta opp fagskuleutdanninger innan helse- og sosialfag, og i dag er det til saman 7 godkjente fagskuleutdanninger innan fagretninga.

Fagskolane i Hordaland har eitt felles styre, Hordaland fagskulestyre. Hordaland fylkeskommune v/Opplæringsavdelinga er sekretariat for fagskulestyret. Hordaland fagskulestyre har sju faste medlemer med like rettar; fem eigarrepresentantar, ein representant for studentane og ein representant for tilsette. Styret har 5 møte i året.

I mars 2013 vedtok Fylkestinget ein skulebruksplan som la grunnlaget for ein ny fagskulestruktur. Den nye strukturen er ein sentralisert fagskulestruktur med desentraliserte tilbod i distrikta. Målet med den nye strukturen er å gjere det mogleg å oppretthalde tilbod i distrikta med studiestader under hovudeiningane. Soleis vert det mogleg å ha ein fleksibel fagskulestruktur som skal ta omsyn til lokale, regionale og nasjonale kompetansebehov.

Med Forvalningsreforma vart fagskulane si rolle som aktør innan regional utvikling tydelegare. Utvikling av ny strategiplan for fagskuleutdanning i Hordaland vil vere eit sentralt arbeidsfelt i 2014 og 2015, og vert sett i samanheng med ny fagskulestruktur.

Figur: Organisasjonskart for Fagskolane i Hordaland



2. Krav til tilfredsstillande system for kvalitetssikring

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskulane i Hordaland er forankra i følgjande dokument:

- Lov om fagskuleutdanning (Fagskulelova)
- Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta)
- Veiledning til tilbydere av fagskoleutdanning (NOKUT)

Kvalitetssikringssistema ved dei maritime fagskulane er også forankra i krava i STCW-konvensjonen.

Arbeidet med å sikre kvaliteten og yrkesrelevansen i fagskuleutdanningane er ei viktig oppgåve for alle aktørar knytt til Fagskolane i Hordaland og må soleis vere forankra i heile organisasjonen. Felles kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland følger NOKUT sine kriterier, og representerer soleis eit minstekrav med omsyn til innhenting, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda. Variasjonen i skulane sin storleik gjer det føremålstenleg å gi den einskilde fagskule rom til å etablere kvalitetssikringssystem tilpassa deira storleik.

3. Mål, ansvar og aktivitetar

Arbeidet med kvalitetssikring må ta utgangspunkt i fagskulen si kjerneverksemd; **å gi studentane ei kvalitativ god og yrkesrelevant utdanning**. For å oppnå dette må arbeidet med kvalitetssikring vere forankra i heile organisasjonen frå styret og sekretariatet til rektor, undervisningspersonale og studentar. Sjølve kvalitetssikringssystemet skal vere så enkelt og praktisk som mogleg. Felles verktøy for innhenting av informasjon om kvaliteten ved utdanningane skal vere lett tilgjengelege for fagskulane.

3.1 Kvalitetssikring som ein syklus

Føremålet med kvalitetssikringssystemet er å måle kvaliteten på fagskuleutdanningane, avdekke eventuell veikskap og sikre at naudsynte betringar vert gjennomført. Det er altså tale om eit system for vurdering samt oppfølging av resultata av vurderingane. Systemet skal måle kvaliteten med jamne mellomrom, t.d. ein gong i

året, og er dermed syklist. Systemet er også ein reiskap for kontinuerleg betring/utvikling av kvaliteten på utdanningstilboda og kan soleis omtalast som både kvalitetssyklus og ein kvalitetsspiral.

Figur: kvalitetssikring som ein syklus



Planleggings- og styringsverktøy definerer m.a. innhold og framdrift i fagskuleutdanningane. Dei mest sentrale dokument er her a) **Fagplan** (plan for utdanninga sitt faglege innhold og b) **Plan for gjennomføringa av utdanninga** (tid/stad). Andre dokument som kan ha betydning for fagskuleutdanning er nasjonale og regionale strategiplanar samt utviklingsplanar for den einskilde skule.

Når aktivitetar frå planleggings- og styringsverktøya har vore utført i ein periode, t.d. eitt år, vil det vere føremålstenleg å dokumentere den *praksisen* som har vore utført og *kvaliteten* på den. Dette vert mellom anna målt ved hjelp av nøkkeldata frå skulane sitt skuleadministrative system, Nasjonalt opptakskontor og Database for høgre utdanning (DBH), i tillegg til brukarundersøking/evalueringsskjema frå student, undervisningspersonale, sensorar og eksterne interessenter. Døme på andre aktuelle data er dokument og referat frå skulane sine valde organ (studentråd) eller andre formelle/uformelle organ på fagskulen.

Dokumentasjonen på praksis og kvalitet må *summerast opp og analyserast i ei tilstandsvurdering*, t.d. i ein årleg rapport frå fagskulane til styret. Ei slik tilstandsvurdering får likevel ikkje verdi for kvaliteten på ei fagskuleutdanning før den vert følgt opp med eventuelle tiltak knytt til avdekka veikskap og styrke ved utdanninga. Tiltaka vert del av korrigerte planleggings- og styringsverktøy for utdanninga.

3.2 Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet

Kvalitetssikringssystemet ved Fagskolane i Hordaland må organisera på ein måte som er tilpassa skuleåret sin rytme og aktivitetar. Rapportering til styret/sekretariat, samt sekretariatet/skuleeigar si oppfølging av fagskulane må også passast inn i skuleåret på ein god måte. Det er likevel viktig å plassere ansvar og tidsfristar for å gi arbeidet klare rammer. Fagskulane må sjølv syte for ein meir konkret plan for kvalitetssikringsarbeidet (årshjul og ansvarsfordeling)

Årshjul for kvalitetssikringsarbeidet ved Fagskulane i Hordaland

Månad	Aktivitetar i kvalitetssikringsarbeidet	Ansvarleg
Januar		
Februar		
Mars		
April	Spørjeskjema – studentane	Rektor/KS-ansvarleg
Mai	Spørjeskjema/møte – Undervisningspersonale	Rektor/KS-ansvarleg
Juni	Spørjeskjema – Sensorane	Rektor/KS-ansvarleg
Juli		
August	Årsrapport frå fagskulane	Rektor/KS-ansvarleg
September	Årsrapport frå fagskulane til styret	Sekretariat

Oktober	Oppfølging av tilstandsvurderinga/kvalitetsmeldinga (skulebesøk)	Sekretariat/skuleeigar/fagskulane
November	Kontaktmøte m/eksterne interessentar – kvart år	Rektor/KS-ansvarleg
November	Endeleg kvalitetsmelding, framlegg til tiltak – handsaming i styret	Sekretariat/styret

Organisering av kvalitetsarbeidet

Ansvarleg	Ansvarsområde
Styret	Har det overordna ansvaret for kvalitet og yrkesrelevans i fagskuleutdanningane. Skal, på bakgrunn av årleg kvalitetsmelding, gi fagskulane kläre styringssignal/vedtak om tiltak.
Sekretariatet/skuleeigar	Kontroll og kvalitetsutvikling av Fagskolane i Hordaland. Drifte/utvikle verktøya for innhenting av informasjon (spørjeskjema etc.) Årleg kvalitetsmelding til styret. Oppfølging av fagskulane med utgangspunkt i resultata frå den årlege rapporten deira.
Rektor/leiinga	Har ansvar for det daglege kvalitetsarbeidet ved fagskulen og for å informere tilsette og studentar om kvalitetssikringssystemet. Organisere innhenting, rapportering og analyse av informasjon om kvaliteten ved utdanningstilboda ved fagskulen. Skal systematisk henta inn tilbakemeldingar frå aktuelle bransjar/eksterne. Følgje opp resultat av evalueringar og legge fram forslag til forbetringstiltak.
Undervisningspersonalet	Har det daglege ansvaret for å følgje opp kvalitetssikrings- systemet for Fagskolane i Hordaland og evt. meir omfattande system ved eigen fagskule og sørge for kvalitet i eige arbeid. Skal gi ei skriftleg framstilling av eiga vurdering av utdanninga (spørjeskjema).
Sensor	Skal gi ei skriftleg vurdering av utdanninga (spørjeskjema)
Studentane	Skal årleg gi si vurdering av utdanningstilbodet (spørjeskjema). Skal bidra til betring av kvaliteten ved å nytte tilgjengelege arenaer for dialog med skuleleiing og medstudentar (t.d. studentråd).
Bransjen/eksterne	Skal delta på periodiske dialogmøte med fagskulane.

4. Overordna føringer for kvalitetssikringssistema ved Fagskulane i Hordaland

4.1 Kvantitativ informasjon om utdanningstilboden

I samband med årleg evaluering av utdanningstilboda (april-juni) ved kvar fagskule skal fagskulane hente ut kvantitativ informasjon om utdanningstilboden frå m.a. det skuleadministrative systemet, DBH og Nasjonalt opptakskontor for fagskolen.

Den kvantitative informasjonen som vert samla og analysert skal belyse kvaliteten på utdanningstilboden, og kan omtala som kvalitetsindikatorar. Av di kvalitetssikringssystemet for Fagskolane i Hordaland omfattar ulike fagskular og utdanninger vil det vere føremålstenleg å velje ut nokre få felles indikatorar som alle skal omtale. Av same grunn vil det vere føremålstenleg at kvar fagskule definerer kva som er **kritisk verdi for indikatorane i kvart utdanningstilbod**, og som dermed bør utløyse korrigrande tiltak.

Informasjonen skal oppsummerast og analyserast i fagskulen sin årsrapport. Kvantitativ informasjon knytt til innsatsfaktorar som t.d. undervisning (lærarressurs, undervisnings- og rettleiingstimar per student) og infrastruktur (tilgang på PC, breiband og skrivar) kan nyttast for belyse årsaker til oppnådde verdiar på kvalitetsindikatorane. Innsatsfaktorane kan soleis vere del av korrigrande tiltak dersom det er naudsynt, jf. definerte kritiske verdiar.

4.1.1 Tal og nivå på søkerar ved opptak

Opptak av studentar til Fagskolane i Hordaland skjer gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen. Dette gir felles kvalifikasjonskrav og reglar for poengbereking for søkerar i heile landet. Opptak av studentar skjer berre på grunnlag av poengbereking og rangering (realkompetanse vert rekna om til poeng). Dette gir høve til å sjå både tal og poengnivå på søkerar ved opptak til kvar fagskuleutdanning.

Talet på søkerar til ei fagskuleutdanning kan vere ein indikator på at utdanninga har eit godt omdøme (yrkesrelevant og kvalitativt god). Dersom ei fagskuleutdanning har mange søkerar kan dette vere med å gjere opptakskrava (poengnivåa) høge.

Den einskilde fagskule må soleis definere kritiske verdiar med omsyn til kor mange søkerar dei har som mål å ha til kvar utdanning, og kva poengnivå dei som vert tatt opp bør ha.

4.1.2 Eksamensresultat og gjennomstrømming

Eksamensresultat vert registrert i det skuleadministrative systemet og vil seie noko om studentane sitt nivå og måloppnåing knytt til kvart emne. Det skal takast ut eksamensresultat for alle emna i kvar utdanning. Høgt nivå på eksamensresultata kan tyde på høg måloppnåing, dvs. at studentane har tileigna seg den kompetansen emnet tek sikte på å gi dei. Lågt nivå på eksamensresultata kan tyde på det motsette.

Gjennomstrøyming knytt til fullføring på normert tid, bestått, stryk eller avbrot. Ved registrering av studentar i det skuleadministrative systemet skal det registrerast om studenten er F=fulltid (100%), D=deltid (50%) eller N=nettstudent (67%, 2 år teken over 3 år). Dette set ramma for kva som er å rekne som normert tid for utdanninga. Dersom alle studentane består og gjennomfører utdanninga på normert tid kan dette tyde på at utdanningstilbodet er kvalitativt godt med gode rammer for undervisning og oppfølging av studenten.

Den einskilde fagskule må definere kritiske verdiar med omsyn til eksamensresultat og gjennomstrøyming for kvart utdanningstilbod.

4.2 Studentane si vurdering av utdanningstilbodet

Mot slutten av skuleåret (april/mai) skal fagskulane gi studentane høve til å gi si vurdering av utdanningstilbodet gjennom eit spørjeskjema. Det skal nyttast eit sentralt utvikla skjema med spørsmål knytt til tema som Hordaland fagskulestyre ønskjer vert belyst, og med svaralternativ (1-6), men med eit kommentarfelt til slutt. Den einskilde fagskule har ikkje høve til å ta bort spørsmål i skjema, men har høve til å tilpasse einskilde omgrep (t.d. opplæringsplan, namn, nummer på emnet) slik at det passar den aktuelle utdanninga/fordjupinga. Sjølv innhaldet i spørsmåla og svar-alternativa skal ikkje endrast. Fagskulane har også høve til å leggje til nye spørsmål i spørjeskjemaet.

Studentvurderinga skal oppsummerast og analyserast i fagskulen sin årsrapport, og nyttast aktivt i kvalitetsarbeidet ved fagskulen.

Spørjeskjema som eit talerør for studentane si vurdering av utdanningstilboda er knytt til kvalitetssikrings-system for Fagskolane i Hordaland, medan fagskulane si plikt til å legge til rette for oppretting av studentorgan for å ivareta studentane sine interesser og samarbeid med leiinga er ein del av utdanningane si styringsordning og reglement, jf. Fagskulelova § 4.

4.3 Undervisningspersonalet si vurdering av utdanningstilbodet

Undervisningspersonalet skal gi ei eiga skriftleg vurdering av utdanningstilbodet. Det skal nyttast eit sentralt utvikla skjema med spørsmål knytt til tema styret ønskjer vert belyst, og med svaralternativ (1-6) og kommentarfelt. Sentrale tema er styrke og veikskap ved utdanningstilbodet både som fagplan og gjennomført aktivitet (undervisning, rettleiing og praksis).

Den einskilde fagskule har ikkje høve til å ta bort spørsmål i skjema, men har høve til å tilpassa einskilde omgrep slik at det passar den aktuelle utdanninga/fordjupinga. Sjølv innhaldet, spørsmåla og svaralternativa skal ikkje endrast. Fagskulane har også høve til å leggje til nye spørsmål i spørjeskjemaet.

Vurderinga skal gjennomførast mot slutten av undervisningsåret og gi undervisningspersonalet høve til å ta stilling til tilhøve (negative/positive) som vert indikert gjennom den kvantitative informasjonen og i studentane si vurdering. Dersom fagskulane ønsker å nytte andre arenaer for vurdering kjem det som eit supplement til spørjeskjema.

Undervisningspersonale si vurdering skal oppsummerast og analyserast i fagskulen sin årsrapport og nyttast aktivt i kvalitetsarbeidet ved fagskulen.

4.4 Sensorane si vurdering av utdanningstilbodet

Sensorane som vert nytta til å vurdere eksamsoppgåver skal gi si vurdering av utdanningstilbodet. Det skal nyttast eit sentralt utvikla vurderingsskjema. Skjema har få spørsmål med svaralternativ (1-6) og høve til utdjuping av eiga vurdering ved kvart spørsmål. Spørsmåla er knytt til eksamsoppgåvene si form og relevans og samanhengen mellom Fagplan og dei kunnskapane studentane viser i eksamsoppgåvene sine.

Vurderingsskjema vert sendt til sensor saman med eksamsoppgåvene. Skjema skal returnerast til fagskulen saman med dei sensurerte oppgåvene. Ved dei maritime fagskulane skal det leggjast ved eit referat frå eksamenssamarbeidet som er oppretta blant dei maritime fagskulane i landet. Dette vil erstatte bruken av spørjeskjema for sensorar ved dei maritime utdanningane.

4.5 Eksterne interesserantar si vurdering av utdanningstilbodet

For å sikre at utdanningstilboda har naudsynt yrkesrelevans og samsvarar med kompetansebehov i aktuelle bransjar skal det gjennomførast periodiske **dialogmøte** mellom fagskulane og representantar frå aktuell bransje, t.d. arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar, næringsliv, privat og offentleg verksemd og tidlegare fagskulestudentar. Desse møta skal verte gjennomført minimum kvart år.

Det skal utviklast **møterettleiar** som definerer klare tema som skal drøftast på møtet, t.d. deltagarane si vurdering av utdanninga som yrkesrelevant, tilhøva mellom opplæringsplan og gjennomført opplæring, faktisk oppnådd kunnskap etter studiet, og bransjen og studenten sitt behov for kompetanse. Møtet skal oppsummerast skriftleg og vere ein del av datagrunnlaget for skulen sin årsrapport og analyse/vurdering av kvaliteten.

4.6 Leiinga sin samla analyse og vurdering av kvaliteten

Kvar fagskule har ansvar for å hente inn naudsynt kvantitativ informasjon, gjennomføre studentevaluering og syte for at undervisningspersonalet og sensorar gir ei skriftleg vurdering av utdanningstilboda ved skulen. Informasjonen skal oppsummerast og analyserast i ein **årsrapport** frå kvar fagskule.

I årsrapporten skal leiinga ved kvar fagskule føreta ei overordna vurdering av kvaliteten i utdanningstilbodet. Dersom fagskulene har fleire utdanningstilbod må den samla framstillinga bygge på dokumenta frå det einskilde utdanningstilbodet. I rapporten er det viktig å synleggjere informasjonskjeldene, identifisere mogleg kvalitetssvikt/problem, skissere grunngjevne framlegg om tiltak og plassere ansvar for oppfølging. Det er også viktig å synleggjere god kvalitet.

Sekretariatet for Hordaland fagskulestyre analyserer og samnfattar rapportane frå alle fagskulane i ein kvalitetsrapport til styret.

Årsrapport og kvalitetsmelding skal vere tilgjengeleg for studentar og tilsette ved fagskulane.

4.7 Bruk av kunnskapen til betring av kvaliteten

Arbeidet med kvalitetssikring skal vere eit verktøy for kvalitetsutvikling ved fagskulane. Styret v/sekretariatet skal derfor ha minst eitt møte med kvar fagskule kort tid etter at årsrapportane er handsama i styret. På desse skulebesøka vil oppfølging av fagskulen sin årsrapport stå i fokus. Møtet skal som hovudregel finne stad på fagskulane. Målsetjinga med skulebesøka er:

- Å styrke kvaliteten på fagskuleutdanningane i fylket gjennom tett dialog og samarbeid mellom styret og den einskilde fagskule.
- Støtte fagskulane i deira arbeid med kvalitetssikring av fagskuleutdanningane ved fagskulen.
- Gi styret informasjon og kunnskap om kvaliteten på fagskuleutdanningane ved fagskulane.

Styret v/sekretariatet har ansvar for å organisere skulebesøka. Skulebesøka skal vere førebudde og avtalt med omsyn til tidspunkt, kven som skal delta og kva som skal vere innhaldet (tema/område). På skulebesøka ønskjer sekretariatet å møte leiinga ved skulen samt representantar for studentar og tilsette. Kvart skulebesøk vert oppsummert av sekretariatet og syner kva ein har drøfta, kva resultat ein kom fram til og eventuelt kva betringstiltak ein vart samde om. Oppsummeringa vert sendt til den einskilde fagskule. Det vil vere eit internt arbeidsdokument og skal soleis ikkje gjerast offentleg.

Skulebesøka dannar grunnlag for ei kvalitetsmelding til styret med eventuelle framlegg og vedtak om tiltak for å betre kvaliteten på utdanningstilboda ved Fagskolane i Hordaland. Tiltaka kan gjelde alle fagskulane eller ein einskild fagskule og utdanningstilbod. Kvalitetsmeldinga til styret skal også omtale dei overordna og lokale måla som er sett av styret for inneverande år. Desse måla er utarbeidd med bakgrunn i aktuell kvantitativ informasjon for Fagskolane i Hordaland som heilskap eller for den einskilde fagskule. Måla vert årleg justert/endra eller vidareført i samband med kvalitetsmeldinga som vert lagt fram for styret med bakgrunn i funn i årsmeldingane og ved skulebesøka.

5. Lokal tilpassing av Kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland

Kvalitetssikringssystem for Fagskolane i Hordaland med vedlegg er å rekne som ei overordna beskriving av kvalitetssikringsarbeidet til hovudaktørane i organisasjonen (styre, sekretariat, skuleleiing etc.). Av di fagskulane har ulik storleik er det naudsynt å finna balansen mellom overordna retningslinjer og detaljerte prosessbeskrivingar. Kvalitetssikringssystem for Fagskulane i Hordaland representerar soleis eit minstekrav for kva fagskulane skal gjere. Det daglege ansvaret for kvalitetssikring ligg hjå leiinga og undervisningspersonalet ved den einskilde fagskule, og dei har sjølv ansvar for å etablere eit kvalitetssikringssystem ved skulen basert på den overordna beskrivinga, og som viser korleis systemet vert nytta lokalt, t.d. knytt til studieplanrevisjon og planlegging av nytt undervisningsår. Aktivitetar og ansvar knytt til kvalitetssikringsarbeidet ved skulen skal defineraast i eit årshjul.

Høve til lokal tilpassing knytt til informasjonstilfang er omtalt tidlegare, men kan oppsummerast slik:

Kvalitetsindikatorar: Den einskilde fagskule må sjølv definere kritiske verdiar for dei omtalte kvalitetsindikatorane, og kan supplere med fleire dersom dei finn det føremålstenleg.

Spørjeskjema: Det er ikkje høve til å ta vekk spørsmål eller endre på svaralternativa. I nokre høve kan omgrep endrast, t.d. fagplan, namn på modul etc. Skulen kan legge til eigne spørsmål om ønskjeleg.

Vedlegg:

"Spørjeskjema - student"
"Spørjeskjema - lærar"
"Spørjeskjema - sensor"

Spørjeskjema – Student

Innleiingsvis må kvar skule legge inn relevante bakgrunnsspørsmål. Dette gjeld f. eks dersom skulen tilbyr meir enn ei fagskuleutdanning.

Døme:

Bergen Maritime fagskole:

Kva utdanning går du på?

- | | |
|----|------------------------|
| 1: | Boring |
| 2: | Havbunnsinstallasjonar |
| 3: | Nautikk |
| 4: | Skipstekniske drift |

Kva år går du på?

- | | |
|----|-------|
| 1: | 1. år |
| 2: | 2. år |

Eigeninnsats

Korleis vurderer du som student din eiga innsats i utdanninga?

1= svært god 6= svært dårlig

- | | | | | | |
|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|
| <input type="checkbox"/> 1 | <input type="checkbox"/> 2 | <input type="checkbox"/> 3 | <input type="checkbox"/> 4 | <input type="checkbox"/> 5 | <input type="checkbox"/> 6 |
|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|

Kor mange timer i veka arbeider du med studie utover ordinær skuletid?

«Rullegardin»:

- 0-2
- 3-6
- 7-10
- 11-15
- 15 eller mer.

1. Innhold

Kor godt kjenner du fagplanen for utdanninga?

1=svært dårlig 6= svært godt

- | | | | | | |
|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|
| <input type="checkbox"/> 1 | <input type="checkbox"/> 2 | <input type="checkbox"/> 3 | <input type="checkbox"/> 4 | <input type="checkbox"/> 5 | <input type="checkbox"/> 6 |
|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|

I kva grad er opplæringa du har fått i samsvar med fagplanen for utdanninga?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

- | | | | | | |
|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|
| <input type="checkbox"/> 1 | <input type="checkbox"/> 2 | <input type="checkbox"/> 3 | <input type="checkbox"/> 4 | <input type="checkbox"/> 5 | <input type="checkbox"/> 6 |
|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|----------------------------|

2. Undervisninga

Kor nøgd eller misnøgd er du med organiseringa og framdrifta i opplæringa?

Emne 1

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Emne 2

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Emne 3

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Emne 4

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Emne 5

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Kor nøgd eller misnøgd er du med det faglege nivået på opplæringa?

Emne 1

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Emne 2

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Emne 3

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Emne 4

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Emne 5

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

3. Arbeidsmetodar

I kva grad er du nøgd med graden av variasjon i arbeidsmetodar i undervisninga?

Emne 1

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 2

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 3

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 4

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 5

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

I kva grad har dei arbeidsmetodane som har blitt nytta, vore dei riktige for at du skal ha eit godt læringsutbytte i modulen?

Emne 1

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 2

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 3

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 4

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Emne 5

1= i svært liten grad 6= i svært stor grad

1 2 3 4 5 6

4.

Hovudprosjektet/fordjuping

I kva grad har du hatt fagleg utbytte av hovudprosjektet/fordjuping?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Korleis var organiseringa av hovudprosjektet/fordjupinga?

1= svært god 6= svært dårlig

1 2 3 4 5 6

Bruk hovudprosjekt om det passar, eller fordjuping om det passar.

5.

Utstyr og anna infrastruktur

Kor nøgd eller misnøgd er du med tilrettelegging for bruk av IKT på skulen?

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

Kor nøgd eller misnøgd er du med lokalitetane på skulen?

(Døme: klasserom, grupperom, bibliotek, kantine, skulen si plassering mm.)

1= svært misnøgd 6= svært nøgd
 1 2 3 4 5 6

Kor nøgd eller misnøgd er du med undervisningsutstyret på skulen?

1= svært misnøgd 6= svært nøgd
 1 2 3 4 5 6

6. Samarbeid med næringslivet

Fagskulane skal ha eit nært samarbeid med næringslivet/kommunane for å kunna halda seg oppdatert innan dei ulike fagfelt. I kva grad har du inntrykk av at skulen samarbeider godt med næringslivet/kommunane innan ditt fagfelt?

Døme på samarbeid med næringslivet/kommunane

- Eksterne forelesarar
- Bedriftsbesøk
- Samarbeid om praksis
- Karrieredag
- Hovudprosjekt
- Fordjuping

(Skulen tar vekk/legg til døme som det passar)

1= svært liten grad 6= svært stor grad
 1 2 3 4 5 6

7. Det totale læringsmiljøet

Læringsmiljø kan definerast som summen av alle dei forholda som kan tenkjast å verke inn på studenten sine moglegheiter til å tilegne seg kunnskap

Kor nøgd er du med det totale læringsmiljøet?

1= svært misnøgd 6= svært nøgd
 1 2 3 4 5 6

I kva grad bidrar du til eit positivt læringsmiljø?

1= svært liten grad 6= svært stor grad
 1 2 3 4 5 6

Andre kommentarar til utdanningstilbodet: _____

Spørjeskjema - Lærar

Innleiingsvis må kvar skule legge inn relevante bakgrunnsspørsmål. Døme:

Bergen Maritime fagskole:

Kva utdanning underviser du på?

- 1: Boring
- 2: Havbunnsinstallasjonar
- 3: Nautikk
- 4: Skipstekniske drift

Dersom skulen har fleire utdanninger skal du vidare i skjemaet svare med utgangspunkt i den utdanninga du sjølv underviser i

1. Korleis vurderer du skulen sin fagplan?

1= svært dårlig 6= svært god

1 2 3 4 5 6

Eventuelle styrker ved opplæringsplanen:

Eventuelle svakheiter ved fagplanen:

2. Korleis vurderer du undervisningstilbodet i denne utdanninga ved skulen siste skuleår?

1= svært dårlig 6= svært godt

1 2 3 4 5 6

Eventuelle styrkar ved undervisningstilbodet:

Eventuelle svakheiter ved undervisningstilbodet:

3. Korleis vurderer du eigen undervisning og rettleiinga som studentane har fått siste skuleår?

1= svært dårlig 6= svært god

1 2 3 4 5 6

Eventuelle styrkar ved undervisninga og rettleiinga:

Eventuelle svakheiter ved undervisninga og rettleiinga:

4. Praksistilbodet eller praksisretting av utdanningstilbodet

Helsefagskule/arborist: Korleis vurderer du praksistilbodet studentane har fått siste skuleår?

1= svært dårlig 6= svært godt

1 2 3 4 5 6

Eventuelle styrkar ved praksistilbodet:

Eventuelle svakheiter ved praksistilbodet:

Teknisk og maritim: Korleis vurderer du innføring av praksistid for studentar under utdanning?

1= svært dårlig 6= svært godt

1 2 3 4 5 6

Eventuelle styrkar ved innføring av praksistid:

Eventuelle svakheiter ved innføring av praksistid:

5. Samarbeid med næringslivet

I kva grad har du inntrykk av at skulen samarbeider godt med næringslivet/kommunane innan ditt fagfelt?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1 2 3 4 5 6

I kva grad samarbeider du godt med næringslivet/kommunane innan ditt fagfelt?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1 2 3 4 5 6

6. Korleis vurderer du di eiga rettleiing under hovudprosjektet?

1= svært dårlig 6= svært god

1 2 3 4 5 6

Eventuelle styrkar ved rettleiinga:

Eventuelle svakheiter ved rettleiinga:

7. Det totale læringsmiljøet

Læringsmiljø kan definerast som summen av alle dei forholda som kan tenkast å verke inn på studenten sine moglegheiter til å tilegne seg kunnskap

Kor nøgd er du med det totale læringsmiljøet på skolen?

1= svært misnøgd 6= svært nøgd

1 2 3 4 5 6

I kva grad bidrar du til eit positivt læringsmiljø?

1= svært liten grad 6= svært stor grad

1 2 3 4 5 6

Andre kommentarar til det totale læringsmiljøet :

Spørjeskjema - Sensor

Som ein del av vårt kvalitetssikringsarbeid ber vi deg som sensor om å kommentere nokre tilhøve ved fagskulen. Di vurdering vil vere eit nyttig innspel i arbeidet med å vidareutvikle tilbodet ved skulen.

Utdanning: _____

Emne: _____

Har du fått eksamensoppgåva til gjennomsyn og godkjenning før eksamen?

- (1) Ja
(2) Nei

Ev. kommentarar:

Korleis vurderer du sjølve eksamensoppgåvane/a (t.d. relevans, omfang og form)?

1= svært dårlige 6= svært gode

1 2 3 4 5 6

Ver vennleg å utdjupa di samla vurdering:

Kor god samanheng synest du det er mellom den kunnskapen studentane viser i sine eksamenssvar og måla i planen for utdanninga?

1= svært dårlig samsvar 6= svært godt samsvar

1 2 3 4 5 6

Ver vennleg å utdjup vurderinga di:



Arkivnr: 2014/2-70

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	7/15	27.01.2015

Nye retningsliner for avsetjing til frie fond for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Sak PS 90/2014 om *Nye retningsliner for avsetjing til frie fond ved dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule* vart handsama i Fylkesutvalet 23.04.2014.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre gjev sin tilslutnad til at Fagskolane i Hordaland vert omfatta av dei nye retningslinene for avsetjing av frie fond. Dei nye retningslinene for avsetjing av frie fond inneber at ein skule ikkje vil kunne ha meir enn 5 % av sitt reviserte årsbudsjett i frie fond. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå at Hordaland fagskulestyre gjev sin tilslutnad til ordninga, av di fagskulane vil vere tent med å vere innlemma i denne.

Svein Heggeheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
sekjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Nye retningsliner for avsetjing til frie fond ved dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule.

Fylkesrådmannen, 12.01.2015

Sak PS 90/2014 om *Nye retningslinjer for avsetjing til frie fond ved dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule* vart handsama i Fylkesutvalet 23.04.2014 (sjå vedlagt sak) med følgjande vedtak:

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.04.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Det vert oppretta nye retningslinjer for avsetjing til frie fond for dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule som skissert i saka. Retningslinene trår i kraft frå og med 01.01.2015 (ved årsoppgjeret for 2014).

Dei nye retningslinene for avsetjing av frie fond inneber at ein skule ikkje vil kunne ha meir enn 5 % av revidert årsbudsjett i frie fond. Skulane under Fagskolane i Hordaland er også omtala i saka, og administrasjonen ved Opplæringsavdelinga ønskjer at fagskulane skal ha same vilkår som dei vidaregåande skulane.

Ramma for fagskulane er tildelt Hordaland fagskulestyre, men det er likevel styret som skal ta avgjerd i høve til om fagskulane skal ha dei same retningslinene for avsetjing til frie fond som dei vidaregåande skulane. Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå at Hordaland fagskulestyre gjev sin tilslutnad til ordninga av di fagskulane vil kunne vere tent med å vere innlemma i denne.

I dag er det berre Bergen maritime fagskole som har eit så stort fond at delar av fondet vil verte teke inn til opplæringssektoren sitt fond. Hordaland helsefagskule og Bergen tekniske fagskole har i 2014 fått eit negativt budsjettrekneskap grunna kostnadskrevjande tilbod. Bergen maritime ønskjer å behalda sitt fond av di dei har sett av midlar til ny bru-simulator, men dersom fagskulane vert med i ordninga, vil skulen likevel få dekt dei naudsynte kostnadene til simulatoren av di dette allereie er planlagt i saman med Opplæringsavdelinga.

Bergen tekniske fagskole har tidlegare hatt eit stort fond, men dette har mellom anna gått med til å dekke meirkostnader ved å drifta dei nye studiestadene etter omorganiseringa. Skulen hadde planlagt å bruke fondet til kostnader ved flytting til Haugeveien, slik som nye møblar og lab i Margaretastredet. Såleis vert skulen no avhengig av midlar frå investeringsfondet for å kunne gjøre dei naudsynte innkjøpa.

Om Hordaland fagskulestyre gjev sin tilslutnad til dei nye retningslinene for avsetjing til frie fond, vil styret kunne fremje søknad til administrasjonen om kva investeringsbehov fagskulane har for 2015. Sak om investeringsbehov vil verte lagt fram for styret i møtet 24. mars 2015, og administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil leggje fram sitt forslag til Opplærings- og helseutvalet i møte 14./15. april 2015.

Dersom Hordaland fagskulestyre ikkje ønskjer at Fagskolane i Hordaland skal ha dei same retningslinene for avsetjing til frie fond som dei vidaregåande skulane, vil ikkje fagskulane kunne søkje om midlar til investeringar gjennom dette fondet.



Arkivnr: 2014/12635-1

Saksbehandlar: Karl Viken

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Opplærings- og helseutvalet		08.04.2014
Fylkesutvalet		23.04.2014

Nye retningsliner for avsetjing til frie fond ved dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule.

Fylkesrådmannen viser til handsaming og vedtak i fylkestinget 10.12.13, sak nr. 62/13;

Vedtak: 'Noen skoler har, på ulike måter, klart å bygge seg opp fond. Noen midler kommer fra skolenes eksterne kursvirksomhet, andre fra overskudd på ordinær drift. Koalisjonen mener dette må vurderes i egen sak før vedtak om fondsmidlene treffes. Vi tar derfor ut fylkesrådmannens forslag om å trekke inn 10 mill. kr fra de vidaregående skolenes fond i 2014, og ber om at dette blir tatt opp i en egen sak i opplærings- og helseutvalget og fylkesutvalget, hvor prinsipper for fondsbruk på skolene blir tatt særlig opp. Her bør også organiseringen av den eksterne kursvirksomheten vurderes nærmere, og sees opp mot f.eks. Rogalandsmodellen for organisering av de vidaregående skolenes oppdragsvirksomhet."

Samandrag

I denne saka vert det gjort framlegg om nye retningsliner for dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule si avsetjing til disponible fond. Organisering av skulane si oppdragsverksemde kjem fylkesrådmannen attende til i eiga sak.

Det er stor merksemd rundt dei disponible fonda til dei vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen meiner at dagens ordning i hovudsak fungerer godt, men at det er trong for å innføra nokre retningsliner. Framlegg til endringar er meint å stramme inn praksisen for fondsavsetjingar noko. Dette kan gjerast utan at incentivat bak ordninga fell vekk. Grensa for maksimalt disponibelt fond vert sett ved 5% av netto årsbudsjett for den einskilde skule; alternativt 0,75 % av totalt årsbudsjett for alle skulane.

Forslag til innstilling

Det vert oppretta nye retningsliner for avsetjing til frie fond for dei vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule som skissert i saka. Retningslinene trår i kraft frå og med 01.01.2015 (ved årsoppgjerset for 2014).

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkessirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 18.03.2014

Fylkesrådmannen viser til handsaming og vedtak i fylkestinget 10.12.13, sak nr. 62/13;

«Noen skoler har, på ulike måter, klart å bygge seg opp fond. Noen midler kommer fra skolenes eksterne kursvirksomhet, andre fra overskudd på ordinær drift. Koalisjonen mener dette må vurderes i egen sak før vedtak om fondsmidlene treffes. Vi tar derfor ut fylkesrådmannens forslag om å trekke inn 10 mill. kr fra de videregående skolenes fond i 2014, og ber om at dette blir tatt opp i en egen sak i opplærings- og helseutvalget og fylkesutvalget, hvor prinsipper for fondsbruk på skolene blir tatt særlig opp. Her bør også organiseringen av den eksterne kursvirksomheten vurderes nærmere, og sees opp mot f.eks. Rogalandsmodellen for organisering av de videregående skolenes oppdragsvirksomhet».

I denne saka vert det gjort framlegg om nye retningsliner for dei vidaregåande skulane si avsetjing til disponible fond. Ulike sider ved denne endringa vert gjennomgått. Organisering av skulane si oppdragsverksemde kjem fylkesrådmannen attende til i eiga sak.

Noverande ordning

Ordninga med avsetjing til frie fond er eit viktig element i økonomiforvaltninga ved skulane i fylkeskommunen. Ordninga sikrar at dei einskilde vidaregåande skulane og Manger folkehøgskule beheld overskot som dei klarar å opparbeida seg. På andre sida må eit eventuelt underskot i årsrekneskapen betalast attende i løpet av to år.

Overføring til og frå skulane sine fondskonti vert utført i samband med årsavslutninga av rekneskapen. Ein gitt skule med positivt årsresultat får overført overskotet til skulen sin fondskonto i fylkeskommunen sin balanse. Overskot vert også brukt til å sletta eventuelle underskot som er opparbeidd eitt eller to år tilbake i tid.

Døme:

Årsresultat 2013/ Overskot	1,5 mill.
Samla underskot 2011 og 2012	1,1 mill.
Overføring til skulen sitt frie fond	0,4 mill.

I dømet over har skulen overskot i årsrekneskapen for 2013 på 1,5 mill. Dette overskotet vert først nytta til å slette gjeld frå 2011 og 2012 på 1,1 mill. Dei resterande kr 400 000 vert overført til skulen sin fondskonto.

Skulane har med andre ord to år på å betala attende underskotet. Dersom skulane ikkje klarer å betala attende underskotet på desse to åra, får skulane eit nedtrekk i årsbudsjettet sitt.

Døme:

Årsresultat 2013/ Underskot	1,5 mill.
Samla underskot 2011 og 2012	1,1 mill.
Overføring til skulen sitt frie fond	0
Overføring til underskotskonti	1,5 mill.
Nedtrekk Årsbudsjett 2014	1,1 mill.

I dømet over har skulen underskot i årsrekneskapen for 2013 på 1,5 mill. I tillegg dreg skulen på gjeld frå dei to føregående budsjettåra. Den gamle gjelda er frå 2011 og vert difor arbeidd inn i budsjettet for 2014

som eit nedtrekk. Det nye underskotet som er opparbeidd i 2013 vert sett på underskotskonti. Med overskot i rekneskapen dei to neste åra, 2014 og 2015, vil dette underskotet kunne verta redusert eller sletta.

Oppsummert gjev ordninga med avsetjing til fondskonti og underskotskonti ein fleksibilitet i drifta ved dei vidaregåande skulane. Svingingar i skuleøkonomien frå år til år kan jamnast ut, og skulane kan finansiera større investeringar over meir enn eitt driftsbudsjett. Ordninga gjev incentiv til å ha økonomisk drift og overskot ved årets slutt. Utan ei slik ordning ville ein kunne få eit fokus på å bruka opp alle tildelte midlar på slutten av kvart budsjettår.

Omfang disponible fond ved skulane

Etter at rekneskapen for 2013 var avslutta, var dei frie disposisjonsfonda til skulane kome opp i 109,6 millionar kroner. Auken frå 2012 var på 7,5 mill. Utviklinga i totalt fond for skulane dei siste 5 åra er som vist i tabell under:

	Fond 2009	Fond 2010	Fond 2011	Fond 2012	Fond 2013
Totalt	71,6 mill.	84,1 mill.	83,1 mill.	102,1 mill.	109,6 mill.

Dei 109,6 millionane på fond pr. 31.12.2013 er fordelt på 36 skular/einingar (inkl. OT/PPT og Ulriken Skulesenter som no er del av hhv. Opplæringsavdelinga og Nordahl Grieg vgs). Under er ei opplisting av fonda:

Skole	Fondsmidlar pr 2013.
Nordahl Grieg videreg skole	8 438 664
Bergen maritime vgs.	7 946 189
Olsvikåsen vidaregående skole	7 662 881
Etne vidaregående skule	7 108 428
Bergen tekniske fagskole	6 866 847
Slåtthaug vidaregående skole	5 525 481
Askøy vidaregående skole	5 438 377
Bergens handelsgymnasium	5 195 694
Lønborg skole	5 084 582
Laksevåg vidaregående skole	4 552 505
Os vgs.	4 546 952
OT/PPT	4 319 333
Fitjar vidaregående skule	4 288 539
Fana gymnas	3 138 775
Årstad vgs	3 073 397
Odda vidaregående skule	2 958 316
Bømlo vidaregående skule	2 688 645
Ulriken skolesenter	2 394 864
Fusa vidaregående skule	2 112 172
Øystese gymnas	2 067 641
Os gymnas	2 030 717
Stend jordbrukskule	1 963 015
Åsane vidaregående skole	1 929 089
Voss gymnas	1 729 505
Osterøy vidaregående skule	1 347 538
Voss vidaregående skule	1 133 655
Austevoll vidaregående skule	1 012 194
Stord vgs	954 742
Norheimsund yrkesskule	703 105
Bjørgvin vidaregående skole	696 631

Manger	275 634
Bergen katedralskole	176 856
Sotra vidaregåande skule	155 317
Tertnes videreg.skole	67 240
Knarvik vgs	18 067
Austrheim vidaregåande skule	4 429
Totalt	109 606 016

Dei disponible fonda

Skulane si inntektsside

Inntektssida ved mange skular er ei viktig årsak til oppbygging av fond. Denne er igjen, i større eller mindre grad, gjeven ved ulik oppdragsverksemd som skulane utfører; til dømes ulike arbeidsmarknadskurs. Overskotet av denne verksemda beheld skulane i sin heilheit. Dette blir gjort fordi slike inntekter ikkje er del av budsjettmodellen for skulane. Med andre ord så ligg det ikkje eit inntektskrav i budsjettet til skular som har moglegheit for å drive med oppdragsverksemd.

Fylkeskommunen og Opplæringsavdelinga oppmodar skulane om å finna alternative inntektskjelder utanom budsjettmidlane som dei får tildelt frå fylkeskommunen. Slik verksemd gjev i dei aller fleste tilfelle eit økonomisk bidrag som styrkar skulen, og drifta ved skulen vert meir mangfaldig, og det å driva med oppdragsverksemd kan gjera skulen meir attraktiv som arbeidsgjevar.

Skulane si kostnadsside

Ei godt planlagd og kostnadseffektiv drift innanfor tildelt budsjettramme har gjeve mange skular overskot og frie fondsmidlar på konto. Det skal relativt små skilnadar i organisering mellom relativt like skular til for å skape gevinstar. Relativt like skular kan ha eit noko ulikt kostnadsbilete på fleire parameter. Eksempelvis har nokre skular timerekneskap som sikrar ein størst mogleg bruk av ressursane på skulen. Dette bidrar til å generere overskot. Skilnaden kan vera på fleire millionar dersom ein samanliknar med skular som ikkje nyttar slike verktøy i særleg grad. Det er også stor skilnad i bruk av overtid. Nokre skular har ein høg overtidskostnad, medan andre og relativt like skular har klart å kvitte seg med overtid som tidlegare var på fleire millionar kroner i året. Eit siste døme er at nokre skular har omorganisert til ein meir fleksibel bruk av personalressursane. Dette har endra og senka kostnadsnivået på både mindre og større skular.

Oppsummering

Det er ikkje ei tydeleg einskildårsak som er hovudgrunnen til at skulane byggjer seg opp frie fondsmidlar. Eksterne inntekter som kursverksend er viktig, men kostnadssida til skulane er vel så viktig. Det er å merka seg at det er 36 skular som har fondsmidlar. Av desse var det berre sju skular som i 2013 hadde oppdragsverksemd med meir enn 300 000 i overskot. Oppdragsverksemda hadde samla eit overskot på vel 10 millionar kroner i 2013, og 3 skular sat igjen med 7 av desse 10 millionane. Fondsoppbygging på skulane er såleis langt meir omfattande enn overskotet som skulane klarer å skapa gjennom oppdragsverksemd.

Fondsbeholdning pr. 2013 tyder heller ikkje at det er ein type skule som klarer å byggje seg opp fond. Nesten 3 av 4 skular har fondsmidlar. Blant desse skulane er det store skular, og det er små skular. Det er byskular og det er skular i distriktet. Oversikta inneholder både reine studiespesialiserande skular, blanda skular og yrkesfaglege skular. Det er med andre ord dei fleste typar av skular i oversikta. Det er fleire årsaker og faktorar som kan generere overskot og oppsparte fondsmidlar; eksempelvis ikkjebudsjetterte inntekter, økonomisk leiing og styring, god planlegging og budsjettering, organisering av drifta og fleksibilitet i høve til bruk av personalressursar.

Grunngjeving for nye retningslinjer

Fylkesrådmannen meiner at dagens ordning i hovudsak fungerer godt, men at det er trøng for å innføra nokre retningslinjer. Det er fleire årsaker til dette;

- Omfanget av skulane sine disponible fond er no særstakt høgt. Det har vore ein auke både i totalt fond for alle skulane og for tal på skular som har disposisjonsfond. Fylkesrådmannen ser det ikkje som tenleg med ei vidare fondsoppbygging.
- Det er mangel på klarlagde mål for mange av millionane som står på disposisjonsfond. Det er ikkje meininga at skular skal sitje med store fondsbeløp i mange påfølgjande år utan at det er ein plan for desse midlane. Dei bør planleggjast i høve til lovpålagde oppgåver.
- Ein for stor fondsbeholdning kan vera til hinder for god økonomisk styring og fornuftig drift. Det kan verta ein buffer som gjer at skulen har dårlegare planlegging og mindre nøyaktig forbruk.
- Ei stor fondsoppbygging utan planlagde føremål kan også vera eit teikn på at skular har strammare drift enn dei i realiteten burde ha. Særskilt dersom dei oppnår eit godt økonomisk resultat samstundes som dei faglege måla ikkje vert oppnådd.
- Dei disponible fonda til skulane kan også gje eit noko feilaktig signal om at det er for gode budsjetttrammer i opplæringssektoren. Det vil då kunne vera vanskeleg å få midlar til nye tiltak som skal setjast i verk.
- Det er ulike føresetnader frå skule til skule i høve til å skaffe seg inntekter som kan generere overskot og fondsmidlar. Fylkeskommunen har kostnader ved oppdragsverksemda ute på skulane, medan den einskilde skule med oppdragsverksemdu beheld heile overskotet sjølv. Eit visst 'konsernbidrag' til fylkeskommunen frå overskot av oppdragsverksemdu på den einskilde skule kan difor vera rimeleg. Dette vert indirekte gjennomført med dei nye retningslinene.

Samla meiner fylkesrådmannen at innføringa av retningsliner vil vera eit naudsynt grep i høve til å hindra vidare fondsoppbygging. Det kan også vera eit incentiv til ei betre økonomistyring. I tillegg kan opplæringssektoren ha nytte av eventuelle ekstramidlar som vert inndregne. Desse kan rettast mot naudsynte tiltak og/eller driftsmål som ikkje vert oppnådd; til dømes til å oppgradera utdatert utstyr eller materiell, til tiltak som skal redusera fråfall, eller til å dekke kostnader ved eventuelt overtal i sektoren.

Framlegg til nye retningsliner

Fylkesrådmannen ser det som tenleg at det vert innført retningsliner som tilseier at ein einskild skule ikkje kan ha disposisjonsfond som overstig 5% av skulen sitt reviderte årsbudsjett. 5 % av revidert årsbudsjett vert også grensa for avsetjing til disponible fond. Under er eit døme på skule med 90 mill. i årsbudsjett og overskot på 5 mill. i 2013.

Døme:

Årsresultat 2013/ Overskot.	5,0 mill.
Årsbudsjett, rev.	90,0 mill.
Maksimalt disp.fond avsetjing, 5% av årsbudsjett.	4,5 mill.
Skulen sitt disp.fond pr 2012.	1,0 mill.
Overføring til skulen sitt frie fond.	3,5 mill.
Overføring til opplæringssektoren sitt fond.	1,5 mill.

I dømet over kjem skulen ut med maksimalt disponibelt fond på 4,5 mill. pr. 31.12.2013 - 5% av revidert årsbudsjett på 90 mill. Sidan skulen hadde 1 million i fondsbeholdning pr 31.12.2012 vert 3,5 mill. av overskotet i 2013 overført til disponibelt fond. Dei resterande 1,5 mill. av overskotet på 5 mill. vert overført til eit samlefond for Opplæringssektoren. Etter kvart årsoppgjør vil fylkesrådmannen fremja ei politisk sak der det vert gjort greie for omfanget på dette samlefondet og eit framlegg til korleis fondet skal disponerast.

Bruk av eventuelle midlar overført til samlefondet

Dei disponible midlane som vert overført til samlefondet, kan til dømes brukast på investeringar i utstyr og materiell, faglege tiltak og satsingar eller mindre byggmessige endringar som er godkjent av eigedomsseksjonen. Alle skulane kan søkja om å få prosjekt eller investeringar med i saksframlegget; både

dersom skulane har fått inndregne midlar eller ei. Dersom søknader vert godkjent av opplæringsavdelinga og dei vert prioritert, kan dei koma med i sak for samlefondet som vert fremja politisk kvar vår. Det er viktig å understreka at midlane i samlefondet er sektoren sine midlar, og at inndregne midlar vert haldne avskilt frå skulane sine eigne disposisjonsfond.

Unnatak frå 5%- regelen

Små skular med låge driftsbudsjett vil trenge eit unnatak frå 5 %-regelen; viss ikkje vil den maksimale grensa for disponibelt fond verta for lågt. Ei ombygging eller eit innkjøp har same kostnad anten det er på ein liten eller ein stor skule, og det vert difor gjort framlegg om eit tillegg til 5 %-regelen. Dette aukar maksimalfondet for dei små skulane. Unnataket vert at skular med lågt driftsbudsjett kan setta av 0,75 promille av totalt revidert årsbudsjett for alle skulane. For 2013 var totalt revidert årsbudsjett for alle skulane på 2,273 mrd. 0,75 promille av dette er lik 1,7 mill. kroner. Denne grensa gjer at skular med lågare enn 35 mill. i revidert årsbudsjett vil ha ei grense for avsetjing og for disponibelt fond på 1,7 mill. Dette gjeld for om lag 20 skular i 2013. Beløpsgrensene vil sjølvsagt endre seg frå år til år i og med at skulebudsjetta endrar seg frå år til år. Skular med meir enn 35 millionar i revidert årsbudsjett vil ha ei høgare grense og vil såleis følje 5 %-regelen. Under er eit døme på skule med 15 millionar i revidert årleg budsjett, og der unnataksregelen gjer at skulen likevel kan ha eit betydeleg disponibelt fond.

Døme:

	Rev. Årsbudsjett	5 % - grense	Totalt rev. Årsbudsjett vgs	0,75% - grense
Totalt	15 mill.	0,75 mill.	2 273 mill.	1,7 mill

Med 15 mill. i revidert årsbudsjett vil skulen berre kunne setje av og ha eit maksimalt fond på kr 750 000. Dette ved bruk av 5%-regelen. Med bruk av unnataksregelen kan skulen setje av og ha eit maksimalt disponibelt fond på 0,75 promille av totalt revidert årsbudsjett for skulane – 1,7 mill.

Verknad av framlegg til retningsliner

Pr. 31.12.2013 var det totalt 109,6 mill. på disponible fond for skulane. Det har lenge vore eit fokus på at skulane sine disponibile fond har nådd eit særstakt nivå. I tillegg vart skulane tidleg i 2013 varsla om ei mogleg innstramming i reglane for fondsavsetjing. Likevel var det mange skular som ikkje reduserte fondet sitt i løpet av 2013. Tvert om auka den totale fondsbehaldninga med om lag 7,5 mill. kroner. Dersom ein ser på verknadar av framlegget til retningsliner dersom desse hadde vorte brukt i årsoppgjeret for 2013, ville avsetjingane sett såleis ut;

Døme:

Totalt disposisjonsfond pr. 2012.	102,1 mill.
Auke frå 2012 til 2013.	7,5 mill.
Totalt disposisjonsfond pr. 2013	109,6 mill.
Maksimalt disposisjonsfond med nye reglar	126,9 mill.
Totalt disposisjonsfond pr. 2013	65,7 mill.
Totalt samlefond pr. 2013	43,9 mill.

Øvste del av tabellen syner korleis totalt fond for skulane enda opp i 2013 etter gjeldane ordning der det ikkje er reglar eller grenser for avsetjing til frie fond.

Dersom ein hadde nytta føreslegne grenser der skulen maksimalt kan ha 5 % av årsbudsjettet som disponibelt fond, eventuelt 0,75 % av totalt budsjett for alle skulane, syner nedste del av tabellen ei maksimal grense for disponibelt fond for alle skulane. I 2013 ville denne grensa vore på 126,9 mill. Dette

hadde slått inn dersom alle skulane hadde fond og desse var maksimale. I 2013 ville 20 skular hatt fondsbehaldning over sine grenser, og overskytande midlar på 43,9 mill. ville vorte overført til samlefondet til opplæringssektoren. Deretter ville framlegg til disponering av desse 43,9 mill. vorte fremja i eit politisk saksframlegg våren 2014. Det første året retningslinene vert brukt, vil inndregne midlar og samlefondet kunne vera betydeleg. Dette kjem av at inndregne midlar vil vera akkumulert over fleire år. Dei neste åra retningslinene er i bruk vil samlefondet berre bestå av midlar frå eitt budsjettår og vil difor vera av langt mindre storleik.

Dersom ein hadde brukt dei nye retningslinene i 2013 ville likevel skulane hatt 65,7 mill. i frie fond pr. 31.12.2013.

Prosess i forkant av endring

Ved rekneskapsslutt for 2012 vart det klart at fondsbehaldninga til skulane hadde auka med 19 millionar til over 100 millionar. Dette trass i at skulane hadde meldt om at fondsbehaldninga ville gå ned i løpet av 2012. Det same skjedde i 2013; fondsbehaldninga til skulane auka. Våren 2013 vart det i økonomibrev til skulane varsla om at det ville koma eit framlegg til retningsliner for fondsavsetjing.

På økonomiseminaret til skulane i byrjinga av november 2013 vart framlegg til retningsliner presentert. Skulane vart bedne om å koma med innspel til dette førebels framlegget. Frist for å koma med tilbakemeldingar vart sett til 24.01.2014. I regionmøta for rektorane har framlegget vorte handsama. Det har ikkje kome motførerstellingar til føreslegne retningsliner, og alt i alt har skulane motteke framlegget positivt.

Oppsummering

Fylkesrådmannen meiner at framlegget til retningsliner er balansert. Det er trong for å innføra retningsliner som avgrensar ei vidare fondsoppbygging. Samstundes er grensa for totalt disponibelt fond relativt høg – 126,9 mill. (2013). Eit samlefond for midlar som overstig grensene for fondsavsetjing, vil nokre år vera monaleg. Eit viktig moment er at det er lagt opp til at desse midlane bør tilkoma sektoren. Fylkesrådmannen er også oppteken av å behalda incentiva som ligg i skulane sin moglegheit for å behalde eigne overskot, og vidare incentiva til å drive med oppdragsverksemd. Difor er grensene sett på ein slik måte at skulane framleis kan ha betydelege midlar på fond.



Arkivnr: 2014/2-65

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	8/15	27.01.2015

Høyring - Forslag til endring i forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning

Samandrag

Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta) vart vedtatt av NOKUT sitt styre 12. desember 2013. NOKUT sine erfaringar til no syner at det er høveleg å justera forskrifta. NOKUT meiner det bør vere ein grunnleggjande føresetnad at fagskuleutdanningar skal vere utforma i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Vidare meiner NOKUT at det vil vere høveleg å kunne gje avslag på søknader om godkjenning av fagskuleutdanning tidleg i ein prosess dersom Læringsutbyttebeskrivingane (LUB) ikkje er utforma i tråd med NKR.

Forslag til vedtak

Hordaland fagskulestyre støttar NOKUT sitt forslag til endring i forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning.

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

1 Høyringsbrev - Forslag til endring i forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskuleutdanning

Fylkesrådmannen, 07.01.2015

Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (fagskuletilsynsforskrifta) vart vedtatt av NOKUT sitt styre 12. desember 2013. NOKUT sine erfaringar til no syner at det er høveleg å justere forskrifta. NOKUT meiner det bør vere ein grunnleggjande føresetnad at fagskoleutdanninger skal vere utforma i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Vidare meiner NOKUT at det vil vere høveleg å kunne gje avslag på søknader om godkjenning av fagskoleutdanning tidleg i ein prosess dersom Læringsutbyttebeskrivingane (LUB) ikkje er utforma i tråd med NKR. For at dette skal vere mogleg må fagskuletilsynsforskrifta verta endra slik:

NOKUT føreslår å legge til eit punkt h) i § 3-1 (1). I § 3-1 (1) står det «Krav i fagskoleloven med forskrifter skal være oppfylt. NOKUT vurderer følgende krav: ...». I merknaden til § 3-1 (1) står det at «for at en søknad om godkjenning skal sendes videre til sakkyndig vurdering, må alle kravene i § 3-1 være oppfylt». Å plassere det nye kravet her gjer at NOKUT har høve til å vurdere LUB saman med dei andre grunnleggjande føresetnadene.

NOKUT sitt forslag til endring:

«§ 3-1 (1) h) Utdanningen skal beskrives i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring.

Merknad: I vurderingen av dette kravet kan NOKUT benytte referansepersoner og/eller sakkyndige.»

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå styret å støtta NOKUT sitt forslag til endring av fagskuletilsynsforskrifta av di dette kan bidra til ei raskare sakshandsaming for alle partar. Tilbydarar med søknader som har LUB i tråd med NKR, vil få ein raskare saksgang når det er færre søknader å handsame, og tilbydarar med søknader som ikkje har gode nok læringsutbyttebeskrivingar, vil raskare få høve til å arbeide vidare med fagskuletilbodet.

For meir informasjon om høyringsforslaget sjå vedlegg.

Adressater i henhold til liste

Drammensveien 288
Postboks 578,
1327 Lysaker
Tlf: 21 02 18 00
Faks: 21 02 18 01
postmottak@nokut.no
www.nokut.no

Saksbehandler: Ine Merete Andersen
Dir. tlf: +47 21 02 18 40

Vår ref:
14/572-2
Deres ref:

Vår dato: 30.10.2014
Deres dato:

Høring - forslag til endring i forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning

Forskrift om tilsyn med kvaliteten i fagskoleutdanning (fagskoletilsynsforskriften) ble vedtatt av NOKUTs styre 12. desember 2013. Erfaringene hittil viser at det er behov for en justering i forskriften.

Bakgrunn

En viktig målsetting for arbeidet med fagskoletilsynsforskriften var å forenkle NOKUTs prosesser med godkjenning av fagskoleutdanning. Som et ledd i forenklingen har NOKUT i 2014 gjennomført et prøveprosjekt med et sakkyndigpanel som har vurdert de overordnede læringsutbyttebe-skrivelsene (LUBene) i søknadene om godkjenning av fagskoleutdanning. Etter NOKUTs vurdering er det hensiktsmessig å få inn som en grunnleggende forutsetning for søkerne at fagskoleutdanninger skal være beskrevet i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Vurderingen er gjort på bakgrunn av erfaringen med prøveprosjektet.

Prøveprosjekt med sakkyndigpanel

NOKUT igangsatte våren 2014 et prøveprosjekt for søkerne om godkjenning av fagskoleutdanning innsendt til fristen 15. februar. Prøveprosjektet gjaldt også for søkerne med frist 15. september.

Formålet med prosjektet var tredelt.

1. Panelet skulle vurdere om overordnet LUB i hver av søkerne var utformet i tråd med NKR, og om søkerne var egnet for sakkyndig vurdering eller ikke. Der LUB ikke var i tråd med NKR skulle NOKUT raskt kunne avslå søkerne. Målet var en ressursbesparelse for NOKUT ved at vi ikke satte i gang sakkyndige komiteer der vi på et tidlig tidspunkt visste at vedtaket ville bli negativt. Tidlig avslag på søkerne skulle også være ressursbesparende for søkerne, som da lettere ville rekke å gjøre de nødvendige endringene før neste søkerrunde.
2. En felles drøfting av alle LUBene i en søkerrunde skulle gi en likere tilnærming på tvers av de ulike sakkyndige komiteene. Hvis separate sakkyndige komiteer alene skulle vurdere LUB for sine aktuelle utdanninger, kunne det bli utøvet unødvendig forskjellig skjønn fra sak til sak.

3. En samlet panelvurdering skulle gi NOKUT og sektoren en bedre forståelse av hvilket detaljerings- og presisjonsnivå som forventes når utdanningene beskrives med LUB i tråd med NKR. NOKUT ville bruke erfaringene fra prøveprosjektet til å veilede søkerne og bistå tilbyderne i deres utviklingsarbeid.

Prøveprosjektet skal evalueres og konklusjonene vil legges frem på fagskolekonferansen 2.-3. desember 2014. Den foreløpige vurderingen er at prøveprosjektet var svært vellykket med hensyn til formål 2 og 3. Sakkynnidpanelets vurderinger har ført til kompetanseheving, både for NOKUT, sakkynndige og for sektoren. Midtveisevalueringen etter første søknadsrunde avdekket manglende fremdrift i sektoren med tanke på at alle utdanninger skal være beskrevet med læringsutbyttebeskrivelser innen 31. desember 2014. Etter første søknadsrunde gjennomførte NOKUT derfor en seminarrekke rundt i Norge for å bistå fagmiljøene på fagskolene med LUB-arbeidet. NOKUT publiserte videre en rapport etter hver av søknadsrundene med sakkynnidpanelets vurderinger av LUBene og generelle anbefalinger til sektoren. Tilbakemeldinger fra de sakkynndige viser at det å ha en felles drøfting av LUBene å ta utgangspunkt i, har bidratt til deres kompetanseheving. NOKUT ser også at det har ført til en likere tilnærming til NKR blant fagskolene, i NOKUT og hos de sakkynndige.

Prosjektet ga imidlertid ikke den innsparingen av ressurser (formål 1) som vi ønsket. NOKUT avslo 10. april 8 av 17 søknader på bakgrunn av panelets vurderinger. NOKUT kom 6. juni frem til at vi hadde gjort en saksbehandlingsfeil og omgjorde vedtakene. Saksbehandlingsfeilen besto i at NOKUT ikke kan avslå søknadene uten at tilbyder først har fått anledning til å kommentere panelets sammensetning, jf. fagskoletilsynsforskriften § 2-1, og dernest har fått anledning til å uttale seg om panelets vurdering, jf. forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 5-1 (3). I søknadsrunden med frist 15. september ble derfor ingen søknader avslått på bakgrunn av panelets vurderinger. De sakkynndige komiteene fikk imidlertid forelagt panelets vurderinger for å sikre en likere tilnærming til vurderingen av fagskoletilsynsforskriften § 3-2 om læringsutbytte.

Erfaringene fra prosjektet viser at det er hensiktsmessig med en felles vurdering av LUB i alle utdanningene i en søknadsrunde. Vi mener også at det er hensiktsmessig at NOKUT har anledning til å gi avslag på søknad om godkjenning av fagskoleutdanning tidlig i prosessen, dersom LUB ikke er utformet i tråd med NKR.

Hvorfor gi avslag på grunnlag av LUB tidlig i søknadsprosessen?

I fagskoletilsynsforskriften kapittel 3 er utdanningens læringsutbyttebeskrivelse (LUB) sentralt. I henhold til § 3-2 skal utdanningen gi ett samlet læringsutbytte som er relevant for yrkesfeltet. Læringsutbyttet skal beskrive kunnskap, ferdigheter og generell kompetanse som studentene oppnår etter fullført utdanning, jf. Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR).

Flere av de sentrale kravene for godkjenning av fagskoleutdanning er knyttet opp mot denne paragrafen. Det er vanskelig for en sakkynndig komité å vurdere om utdanningens innhold og oppbygning, undervisningsformer og læringsaktiviteter, samt vurderingsformer er tilpasset læringsutbyttet dersom dette ikke er beskrevet på en tilfredsstillende måte.

Etter implementeringen av NKR stilles det strengere krav til utforming av læringsutbyttebeskrivelser. Dersom det samlede læringsutbyttet for utdanningen i liten grad er i tråd med kravene i NKR, kreves det større endringer for at utdanningen skal kunne bli godkjent av NOKUT.

Når en søknad går til sakkynndige vurdering, har tilbyderen anledning til å kommentere utkastet til tilsynsrapport, før NOKUT fatter endelig vedtak i saken. I tilsvaret kan tilbyderen kommentere

feil, mangler eller misforståelser i de sakkyndiges vurdering. NOKUT godtar også mindre justeringer i forhold til den opprinnelige søknaden. Ved behov for større endringer må tilbyderen imidlertid søke på nytt. Tilsvar som inneholder store endringer blir avvist og søknaden ender med avslag. NOKUT vet derfor på et tidlig tidspunkt at søknaden vil ende med avslag, i de tilfeller der LUB i liten grad tilfredsstiller kravene i NKR.

Vi anser det derfor som mer hensiktsmessig både for søkerne og NOKUT om vi har anledning til å avslå en søknad om godkjenning av fagskoleutdanning tidlig i prosessen, dersom LUBen i liten grad tilfredsstiller kravene i NKR.

Hvis NOKUT skal kunne gi avslag på dette grunnlaget, må fagskoletilsynsforskriften endres.

Hjemmel

Forslaget om endring er hjemlet i i lov 20. juni 2003 nr. 56 om fagskoleutdanning (fagskoleloven) § 2, jf. forskrift 1. februar 2010 nr. 96 om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 5-1 og § 5-2.

Forslag til endring

NOKUT foreslår å legge til et punkt h) i § 3-1 (1). I § 3-1 (1) står det «Krav i fagskoleloven med forskrifter skal være oppfylt. NOKUT vurderer følgende krav». I merknaden til § 3-1 (1) står det at «for at en søknad om godkjenning skal sendes videre til sakkyndig vurdering, må alle kravene i § 3-1 være oppfylt». Å plassere det nye kravet her, vil gjøre at NOKUT har anledning til å vurdere LUB sammen med de andre grunnleggende forutsetningene.

Forslaget til det nye kravet lyder:

§ 3-1 (1) h) Utdanningen skal beskrives i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring.

Merknad: *I vurderingen av dette kravet kan NOKUT benytte referansepersoner og/eller sakkyndige.*

Høringsfrist og svarform

Vi ber om at høringsuttalelser sendes elektronisk til postmottak@nokut.no senest **30. januar 2015**, i en tekstfil (**Word-, Open Office - eller rikt tekstformat**). Vi ber høringsinstansene skrive «Høringsvar, 14/572» i emnefeltet på e-posten.

Hvis dere har forslag om endringer, ber vi om at dere kommer med konkrete forslag om ny tekst.

Alle høringsvar vil bli lagt ut på NOKUTs hjemmesider: www.nokut.no.

Terje Mørland
direktør

Øystein Lund
avdelingsdirektør

Adresseliste høringsinstanser

Alle tilbydere med godkjent fagskoleutdanning
Fylkeskommunene
Akademikerne
Arbeids- og velferdsdirektoratet
Arbeidsgiverforeningen Spekter
Arbeidstilsynet
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap
Elevorganisasjonen
Fiskebåtredernes forbund
Forbrukerombudet
Forbrukerrådet
Forum for fagskoler
Fraktefartøyenes redriforening Helsedirektoratet
Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon
Kristne friskolers forbund
Landsorganisasjonen i Norge
Luftfartstilsynet
Maskinentreprenørenes forbund
Nasjonalt fagskoleråd
Nasjonalt utvalg for fagskoleutdanning i helse- og oppvekstfag
Nasjonalt utvalg for teknisk fagskoleutdanning
Norges bondelag
Norges fiskarlag
Norges ingeniør- og teknologorganisasjon
Norges rederiforbund
Norgesuniversitetet
Norsk bonde- og småbrukarlag
Norsk forbund for fjernundervisning og fleksibel utdanning
Norsk sjøoffisersforbund
Norsk studentorganisasjon
Norske fag- og friskolers landsforbund
Norske naturterapeuters hovedorganisasjon
Næringslivets hovedorganisasjon
Organisasjon for norske fagskolestudenter
Petroleumstilsynet
Rådet for fylkeskommunale fagskoler
Sammenslutning av alternative behandlerorganisasjoner
Sjøfartsdirektoratet
Statens autorisasjonskontor for helsepersonell
Statens jernbanetilsyn
Statens lånekasse for utdanning
Statistisk sentralbyrå
UNIO
Utdanningsdirektoratet
Utdanningsforbundet
Virke
Voksenopplæringsforbundet
VOX
Yrkesorganisasjonenes sentralforbund



Arkivnr: 2014/2-66

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre	9/15	27.01.2015
Fylkesutvalet		18.02.2015
Fylkestinget		10.03.2015

Endring av styrevedtekter for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

I sak PS 77/2014 vart det varsla endringar i styringssystemet for fagskulane på bakgrunn av ein gjennomgang av gjeldande lovverk og fylkeskommunen sitt fullmakts- og delegasjonsreglement. I saka vart det blant anna vedtatt at det blir utarbeidd ei sak til fylkestinget med forslag om endringar av vedtekten for Hordaland fagskulestyre i tråd med fagskulelova. I denne saka følgjer forslag til endringar i styrevedtekten for Hordaland fagskulestyre.

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek endringar i styrevedtekten for Hordaland fagskulestyre som det går fram av denne saka.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkessjef opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg

- 1 Forslag til nye styrevedtekter for Hordaland fagskulestyre

Fylkesrådmannen, 07.01.2015

I sak PS 77/2014 vart det varsle endringar i styringssystemet for fagskulane på bakgrunn av ein gjennomgang av gjeldande lovverk og fylkeskommunen sitt fullmakts- og delegasjonsreglement. I saka vart det blant anna vedtatt at det blir utarbeidd ei sak til fylkestinget med forslag om endringar av vedtekten for Hordaland fagskulestyre i tråd med fagskulelova. På bakgrunn av dette har administrasjonen gått gjennom styrevedtekten og funne fleire punkt som treng revidering og oppdatering. Følgjande endringar vert føreslått:

Punkt 2

Styret for fagskulane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har ein representant kvar. Ein representant frå kvart av dei faglege råda har talerett i styret.

Nytt punkt 2

Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har ein representant kvar med personleg vara.

Det kjem ikkje fram av vedtekten i punkt 2 at tilsette og studentar har ein styrerepresentant kvar med personleg vara, og dette er difor lagt til i nytt punkt 2.

Vidare er det føreslått å ta ut: «*Ein representant frå kvart av dei faglege råda har talerett i styret*». Det er per i dag ingen faglege råd som er aktive. Råda skulle vere eit verktøy for styret og fagskulane i høve til god næringskontakt, men det viste seg å vere vanskeleg å oppretthalde aktiviteten til dei faglege råda fordi skulane har mykje kontakt med næringslivet jamt gjennom året, og møte i råda vart såleis overflødige. Fagskulane har i stedet utarbeidd samarbeidsavtalar med næringslivet innan aktuelle fagområde. I tillegg vert heilt nye tilbod utvikla i tett samarbeid med næringa.

Punkt 3

Fylkestinget nemner opp eigarrepresentantane i styret og mellom dei leiar og nestleiar. Tilsette og studentrepresentant med personleg varamedlem blir vald av og mellom dei tilsette og studentane. Eigar- og tilsetterepresentantane blir valde for to år om gongen og studentrepresentantane for eitt år om gongen.

Nytt punkt 3

Fylkestinget nemner opp eigarrepresentantane i styret og mellom dei leiar og nestleiar. Tilsette og studentrepresentant med personleg varamedlem blir vald av og mellom dei tilsette og studentane. Eigarrepresentantane blir valde for fire år, tilsetterepresentantane blir valde for to år og studentrepresentantane for eitt år om gongen.

I praksis vert eigarrepresentantane i styret vald for fire år av gongen, og det vert difor føreslått i nytt punkt 3 at eigarrepresentantane vert valde for fire år. Det er praksis at styret vert oppnemnt av Fylkestinget i etterkant av kommune- og fylkestingsvalet.

Punkt 5

Fylkesrådmannen skal syte for at styret har eit sekretariat.

Nytt punkt 5

Fylkesdirektør opplæring er ansvarleg for saksførebuing til styret.

Fylkesdirektør opplæring har fått delegert ansvaret for sekretariatet for Hordaland fagskulestyre, men dette kjem ikkje fram av fullmakts- og delegasjonsreglementet. Det vert difor føreslått at punkt 5 vert endra til at *Fylkesdirektør opplæring er ansvarleg for saksførebuing til styret*.

Punkt 6

Styret opprettar ei klagenemnd med tre personar frå dei ulike fagmiljøa ved fagskulane.

Klagenemnda skal handsama klager på enkeltvedtak for styret. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13e i forvaltningslova 10. februar 1967 gjeld for handsaming av saker, jfr. fagskulelova. Avgjerd om opptak, avsluttande vurdering, bortvising, utesettenging, utvising og andre disciplinære sanksjoner skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

Nytt punkt 6

Styret er klageinstans for Fagskolane i Hordaland. Styret kan opprette ei særskild klagenemnd for handsaming av klager. Klagenemnda skal handsama klager på enkeltvedtak. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13e i forvaltningslova 10. februar 1967 gjeld for handsaming av saker, jfr. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassering, avsluttande vurdering, bortvising, utesettenging, utvising og andre disciplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

NOKUT har peika på at styrevedtektena stadfestar at styret opprettar ei klagenemnd i staden for å konstatere at styret er klageinstans og kan opprette ei særskild klagenemnd om ønskjeleg. Slik punkt 6 står, kan det sjå ut som om eigar instruerer styret til å opprette ei særskild klagenemnd, og det har ikkje eigar kompetanse til i høve fagskulelova. Det vert difor føreslått endringar i punkt 6 som gjer at det kjem fram at styret er ansvarleg for klagehandsaming.

NOKUT har også påpeikt manglar i høve til klagetilgang for søknad om fritak og innpassering av emne. Dette er difor lagt til punkt 6 for å presisere at klagenemnda også handsamar klager på avgjerd om fritak og innpassering av emne.

Punkt 11

Fylkesrådmannen kan instruera styret om at iverksetjing av ei sak skal utsetjast til kompetent politisk organ har handsama saka.

Det vert føreslått å fjerne punkt 11 frå vedtektena av di det er uklart kva «saker» ein meiner, og om dette er i konflikt med styret sin kompetanse som øvste styringsorgan for Fagskolane i Hordaland.

Utkast til reviderte styrevedtekter for Hordaland fagskulestyre ligg vedlagt.

1. Styret har overordna ansvar for den daglege drifta av fagskulane i fylket og fører tilsyn med den daglege leiinga. Det har ansvar for at verksemda held høg kvalitet og for at fagskulane blir drivne effektivt og i samsvar med dei lover, forskrifter og reglar som gjeld og dei rammer og mål som blir gjevne av overordna mynde.
2. Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har ein representant kvar med personleg vara.
3. Fylkestinget nemner opp eigarrepresentantane i styret og mellom dei leiar og nestleiar. Tilsette og studentrepresentant med personleg varamedlem blir vald av og mellom dei tilsette og studentane. Eigarrepresentantane blir valde for fire år, tilsettrepresentantane blir valde for to år og studentrepresentantane for eitt år om gongen.
4. Styret skal tilsetje administrativ og fagleg leiing i samråd med skuleeigar. Hordaland fylkeskommune er arbeidsgjevar, og personalforvalting skal skje i samsvar med fylkeskommunen sine reglar.
5. Fylkesdirektør opplæring er ansvarleg for saksførebuing til styret.
6. Styret er klageinstans for Fagskolane i Hordaland. Styret kan opprette ei særskild klagenemnd for handsaming av klagar. Klagenemnda skal handsama klager på enkeltvedtak. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova 10. februar 1967 gjeld for handsaming av saker, jfr. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassering, avsluttande vurdering, bortvisning, utesenging, utvisning og andre disciplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.
7. Styret er ansvarleg for at dei opplysningar som blir gjevne til NOKUT og søkerar til utdanningstilboda, er korrekte og fullstendige.
8. Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis det vert gjennomført.
9. Styret er ansvarleg for det overordna læringsmiljøet og for samarbeidet om det med studentane. Dette ansvaret gjeld det fysiske og psykiske arbeidsmiljøet som Arbeidstilsynet fører tilsyn med. Styret kan oppnemne utval etter behov.
10. Styret er ansvarleg for at det sams reglementet for Fagskolane i Hordaland vert følgd.

Vedtatt 10.03.2015.

Erstattar Retningsliner for Hordaland fagskulestyre frå 20.11.2012.

PS 10/15 Ymse